Nytt om namn

Meldingsblad for Norsk namnelag

Nr. 20 - 1994

Oslo 1994

NYTT OM NAMN

Meldingsblad for Norsk namnelag (NNL)

Redaktørar: Botolv Helleland og Kristoffer Kruken

Utgjevarstad:
Avdeling for namnegransking
Institutt for nordistikk og litteraturvitskap
Universitetet i Oslo

Nr. 20 — 1994

Redaksjonen er avslutta 20. desember 1994

Adresser:

Norsk namnelag, Avdeling for namnegransking, Universitetet i Oslo, Postboks 1011 Blindern, 0315 Oslo. Tlf. 22 85 43 75.

Tidsskriftet "Namn og Nemne", Nordisk institutt, Universitetet i Bergen, Sydnesplassen 9, 5007 Bergen. Tlf. 55 21 24 22.

Meldingsbladet "Nytt om namn", Avdeling for namnegransking, Universitetet i Oslo, Postboks 1011 Blindern, 0315 Oslo. Tlf. 22 85 43 75.

Bankgiro til Norsk namnelag: 8401.21.34427 (adresse: Nordisk institutt, Universitetet i Bergen, Sydnesplassen 9, 5007 Bergen).

Kontingenten er 130 kroner for året.

INNHALD

Inntrykk frå NORNA-kongressen 1994 på Sundvollen 4
Samrådingsmøte for konsulenttenestene 6
Melding av namnepublikasjonar utgjevne i 1994 8
Norsk namnelag 9
Møte i Samarbeidsnemnda 9
Møte i FNs ekspertgruppe for geografiske namn 10
NORNA-nytt 10
Namn og nemne 11
Personnamn og jus 12
Fråsegn frå Samarbeidsnemnda om personnamn 14
Den 7. nasjonale konferansen - konferanserapport 14
Forbod mot namnet Vinjar? 15
Vern av stadnamn 17
Ei namnehistorie frå Valdres 22
Stedsnavngransking som særemne i videregående 23
Kven skreiv "Norske nomn" i Svein Urædd 1869? 26
Bustadnavn i Østfold - Hobøl 27
Bok om finske stadnamn skapar storm 28
Nøkkelen til Utrøst 29
Listamål og Vossamål 31
Stadnamnlova i spørjetimen 32
NORNA-rapporter 54 33
Danske namnebrosjyrar 34
Namn på fransk 35
Studentarbeid om namn 36
Norsk namnebibliografi 1993 38

INNTRYKK FRÅ NORNA-KONGRESSEN 1994 PÅ SUNDVOLLEN

Alle nordiske namnegranskarkongressar og NORNA-symposium eg har vore med på, har vore fagleg interessante med fine innlegg som har reist nye problemstillingar og ført til gode diskusjonar. Men den sosiale funksjonen har kanskje vore like viktig, særleg for oss "utkantfolk". I alle høve har det vore fruktbart å sjå på namn i eit nordisk perspektiv, ikkje berre i eit nasjonalt eller regionalt.

Sidan Oluf Rygh tok til med grunnarbeidet for *Norske Gaardnavne* i 1880-åra og like fram til dei siste par tiåra, har namnegranskinga i Noreg vore prega av tre særdrag. For det første har *stadnamna*, særleg *gardsnamna*, av nasjonalhistoriske, for ikkje å seie nasjonalistiske, grunnar vore i fokus. Det var gardsnamna og den norske bonden som vart oppfatta som det historiske, kulturelle og språklege bindeleddet mellom det gamle frie Noreg i vikingtida og mellomalderen og det nye frie Noreg etter 1814.

For det andre: Som ein logisk konsekvens av at stadnamna var meint å ha ein identitetsskapande og nasjonsbyggjande funksjon, vart både *stadnamninnsamling*, *stadnamntolking* og ikkje minst *skriftnormering av stadnamna* dei tre viktigaste oppgåvene for namnegranskarane. I ettertid er det påfallande å oppdage at jamvel om Noreg har ein uvanleg lang kyst og ein svært rik kystkultur med eit mest uavgrensa tal på "smånamn", er det hovudsakleg stadnamn knytte til slektsgarden i innlandet som har vore hovudsaka. Først i det siste tiåret har stadnamn i kystkulturen vorte innsamla og språkleg og kulturhistorisk analyserte. Stadnamnfunksjonar og stadnamnteori, t.d. "stadnamnmorfologi" og "stadnamnsemantikk", har kome heilt i skuggen av dei tradisjonelle disiplinane.

Eit tredje drag ved norsk stadnamngransking er at like fram til no har stadnamngranskinga hatt eit visst *patriarkalsk* preg. *Namnegransking har vore "mannegransking"*. Til og med ved vanleg innsamling kan ein oppleve at husbonden "jagar ut" kjerringa og ungane når han skal gje opplysningar om namna på garden, trass i at det gjerne er kjerringa som har best minne.

Denne stoda i Noreg var vel noko av årsaka til at det var tre foredrag som vart haldne ved NORNA-kongressen på Sundvollen som eg vart oppglødd for. Eitt av dei vart halde av ein mann: færøyingen Eivind Weyhe, og dei to andre av kvinner: russarinna Maria Aljoksjina og nordkvinna Kristin Bakken. Til saman dekte desse tre personnamn både i daglegtalen og litteraturen, "namnemorfologi" og det innfløkte tilhøvet mellom appellativ og namn. Om ikkje emna i og for seg var heilt nye, fekk dei ei ny "vinkling", som det så flott heiter i dag.

Eg må vel vedgå at noko av grunnen til at eg likte Weyhes påvising av bruk av bunden form av førenamn i daglegtalen i visse strok på Vestlandet, har samanheng med at eg sjølv kjem frå eit slikt område. Eg kan framleis hugse at læraren min gjorde eit visst nummer av at særnamn ikkje kunne bøyast i ubunden og bunden form og heller ikkje i eintal og fleirtal. Eg lærte denne regelen så godt eg kunne, men var fullt klar over at syskena mine og eg sjølv alltid vart omtalte i bunden form (Sverr'n, Ola'n, Marti'n, Peter'n (alle uttalte med stavingsberande n), Haldriå, Mariå (også lærarinna mi vart kalla slik), Hendrikjin osv.). På grannegarden var det tre karar som heitte Nils, og vi omtalte dei som Nilsane. Når vi skulle spesifisere dei, sa vi Store-Nils'n, Nils B (for Bernhard) og Nils C (for Christian) eller berre Nils'n om ein av dei. At dei to siste seinare vart kalla Ced'n og Bed'n, er også interessant. Først i seinare tid har eg oppdaga at det er for lettvint slik eg gjorde, berre å seie at læraren min tok feil. Tilhøvet mellom appellativ og proprium er meir komplisert enn som så. Våre førenamn vart t.d. ikkje brukte i ubunden form i daglegtalen, berre i bunden, og fleirtalsforma Nilsane kunne også vise til sjølve bruket eller tunet.

Når Maria Aljoksjina tek føre seg særnamna sin grammatikk i litteraturen, rettar ho søkjelyset mot ei svært interessant problemstilling. Mi varsame innvending er likevel den at det ikkje er nok å påvise at t.d. personnamn i litteraturen kan vere bøygde i strid med vanlege grammatiske reglar. Av foredraget fekk eg eit visst inntrykk av at skilnaden mellom tradisjonelle namn og fiktive namn ikkje var problematisert, heller ikkje den grunnleggjande skilnaden mellom namn som er brukte appellativt, og namn som faktisk blir bøygde i daglegtalen av typen Nils — Nils'n — Nilsane, eller namn berre brukte i bunden form eintal av typen Peter'n. Så vidt eg kunne oppfatte det, definerte ho heller ikkje vesentlege strukturelle og semantiske skilnader mellom appellativ og proprium, men det er truleg gjort i sjølve avhandlinga.

Det foredraget som likevel verka mest banebrytande når det gjeld å avklare grunnleggjande skilnader langs ei linje mellom appellativ som det eine ytterpunktet og proprium med vekt på stadnamn som det andre, var etter mitt skjønn Kristin Bakken sitt sjølvstendige og temmeleg modige innlegg. Hennes evne til å definere omgrep, formulere problemstillingar og påvise svikt ved tidlegare godtekne definisjonar er imponerande.

Når det gjeld sosiale tiltak i samband med kongressen, var det tre eg sette stor pris på: kveldsturen til Kongens utsikt med Magne Myhren i storform, dagsturen til Mjøsbygdene, særleg opphaldet ved søsterkyrkjene i Gran, Eivind Fjeld Halvorsen sine inspirerte kommentarar om kyrkjene og om runeinnskriftene, Magne Myhren si levande skildring av Vinjes vandringar og endelykt i Gran, og ikkje minst den superbe vegvisaren Tom

Schmidt sine faglege og ikkje-faglege opplysningar langs vegen. Det sosiale høgdepunktet var likevel middagen, der Botolv Helleland svinga seg til dei store poetiske høgder.

Er nokon i tvil om den faglege og sosiale verdien av ein slik kongress, skal ein spørje seg: Hadde det vore fagleg nyttigare og meir inspirerande å sitje på kontoret og lese *Norske Gaardnavne* dei dagane? Sjølv er eg ikkje i tvil om svaret.

Peter Hallaråker
Volda

SAMRÅDINGSMØTE FOR KONSULENTTENESTENE

Det årlege samrådingsmøtet for namnekonsulenttenestene blei i år halde i Kautokeino/Guovdageaidnu frå 8. til 10. september. I tillegg til dei fem distriktskontora for namnekonsulenttenesta var både Kulturdepartementet, Norsk språkråd, Samisk språkråd, Statens kartverk og Klagenemnda for stadnamnsaker representerte.

I årsrapportane klaga konsulentsekretærane over at dei har så altfor mykje å gjera. Periodevis blir det mykje overtidsarbeid. Situasjonen er lite tilfredsstillande. Den store arbeidsmengda fører til at sekretærane ikkje får arbeidd grundig nok med sakene.

I løpet av det siste året har sekretærane lagt om rutinane for arkivering og journalføring, og dette har gitt monaleg meirarbeid.

Det aukar jamt på med saker som er knytte til namn på vegar, bruer, tunnelar og liknande. Men ennå manglar det mykje på at kommunane og vegkontora kontaktar namnekonsulenttenesta så mykje og så tidleg som dei skal og bør. Det er generelt altfor treg saksgang rundt om i kommunane.

Siste året er det halde fleire regionale kurs for saksbehandlarar i kommunane og andre instansar som har med namnesaker å gjera. Det er som regel Statens kartverk som har arrangert slike kurs. Konsulentsekretærane gleder seg over at samarbeidet med Kartverket ser ut til å gå betre og betre.

I eit innlegg om praktisering av det regelverket som gjeld for stadnamnnormering og namnesaksbehandling understreka Halldis Sandsdalen frå Kulturdepartementet at departementet si oppgåve er å avgjera koss lovene og forskriftene skal tolkast. Generelt sett behandlar departementet ikkje

einskildsaker. Men i enkelttilfelle kan dei gjera unnatak frå reglane når særlege grunnar talar for det. Sandsdalen nemnde òg at stadnamnlova venteleg vil bli teken opp til grundig evaluering etter om lag fem år.

Det blei spurt om det dreier seg om ei tilsikta nyansering når det i stadnamnlova er sagt at ein skal ta "utgangspunkt i den nedervde lokale uttalen" mens det i utkastet til lov i NOU 1983:6 er brukt formuleringa "Til grunn for skrivemåten skal leggjast den nedervde, lokale uttalen." Sandsdalen meinte at formuleringsskilnaden ikkje er tilsikta. Ho sa elles at det ligg eit meir absolutt krav i ei rein "skal"-formulering enn i ein regel med ordlyden "skal som hovudregel".

Kirsti Strøm Bull orienterte om arbeidet i klagenemnda. Ho opplyste blant anna at fleirtalet av klagesakene gjeld bruksnamn, og at det då helst er grunneigarane som klagar. Det har ennå ikkje komme inn klagesaker som har samband med vedtak for samiske og finske stadnamn.

Aud-Kirsti Pedersen innleidde om namneomgrepet og normeringsproblem av typen *Tromsø lufthamn/lufthavn*. Ho stilte blant anna spørsmålet om flyplassar skal reknast som institusjonar eller anlegg. Ho spurde vidare om språkrøkta ikkje òg skal gjelda nyare, medvite laga namn. Dei fleste møtedeltakarane var samde om at flyplassnamn har karakter av å vera både stadnamn og institusjonsnamn. Dermed er det noko uklårt om slike namn skal regulerast etter mållova eller etter stadnamnlova. Det er heller ikkje avklart kven som skal få uttala seg i saker som gjeld namn av denne typen.

Peter Hallaråker innleidde om omgrepet namnebrukarkrins. Han meinte det er ein generell mangel med ulike stadnamndefinisjonar at dei ikkje inneheld noko om stadnamn som kommunikasjonsmiddel. Termen *brukarkrins* er ikkje nemnd i stadnamnlova og forskriftene. I merknadene til lova er termen kopla til "staden" der namnet blir brukt, men det er ikkje gitt noka vidare utdjuping av kva som er meint med "krinsen" og "staden". I utkastet til lov som me finn i NOU 1983:6, er det brukt omgrepet "namnekrins" (s. 54). Hallaråker konkluderte med at det ikkje går klårt fram av regelverket kva ein brukarkrins er. Han nemnde eit eksempel frå Volda der tri namn, *Vatnet*, *Botnavatnet* og *Rotevatnet*, er brukte om same innsjøen. I dette tilfellet er det vanskeleg å finna ut kva brukarkrins kvart av namna har, meinte Hallaråker. Han understreka elles at brukarkrinsane ofte er meir ustabile i dag enn tidlegare.

Kaisa Rautio Helander og Aud-Kirsti Pedersen innleidde om fleirspråklege namn og lånnamn. Dei sa at i prinsippet kan alle samiske namn òg vera nemnde med norsk form. Men dei stilte spørsmålet om det er ønskjeleg at dette blir eit gjennomført system på kart og i offentleg samanheng elles. Dei sa at det ofte er eit problem å veta kva namn og namneformer ein skal ta med på kart i fleirspråklege område. Fleire av møtedeltakarane

meinte at det vil vera uheldig å ta med mange lånnamn som berre er ortografisk tilpassa språket dei er lånte inn i. Det blei nemnt at det kan vera til skade for samisk og finsk språkkultur viss ein tek med mange namneformer som er delvis tilpassa norsk språk. I områda der samisk og finsk språkkultur står sterkast, bør ein òg unngå å ta med namn som er gjorde meir heilnorske viss dei kan komma til å trengja bort dei samiske og finske namna som er brukte om same stadene.

Botolv Helleland la fram og gjekk gjennom eit notat om namnevern. I slutten av notatet blir det spurt om Kulturdepartementet bør ta spørsmålet om vern av stadnamn og bruk av stadnamn opp til vurdering med tanke på lovvern. På møtet kom det ikkje fram motførestellingar til dette (innlegget er prenta i dette nummeret av *Nytt om namn*).

Kjell Erik Steinbru
Bergen

MELDING AV NAMNEPUBLIKASJONAR UTGJEVNE I 1994

Som tidligare vil det vera aktuelt å omtala bøker og artiklar om namn som er publiserte det siste året, i *Nordisk namnforskning* (særtrykk av *Namn och bygd*). Under den nordiske namnekongressen på Sundvollen i juni i år avtalte vi på det norske seksjonsmøtet denne arbeidsfordelinga:

- Oddvar Nes (adr. Nordisk institutt, Sydnesplassen 9, 5007 Bergen) skriv om stadnamn. (Han kan eventuelt delegere meldingsoppgåver til andre i Bergens-miljøet.)
- Gulbrand Alhaug (adr. ISL, 9037 Tromsø-Univ.) melder personnamn og 'andre namn'.

Da det kan vera vanskelig å få oversyn over alt som blir skrivi om namn i Noreg, vil eg med dette be om at du gjør oss merksamme på artiklar som i 1994 har stått (evt. vil stå) i mindre utbreidde publikasjonar, t.d. lokale årbøker og tidsskrift. Det ville også vera fint om du sendte oss slike artiklar. Vi må ha eventuelle opplysningar *snarast*, sidan omtalane skal vera ferdige innan 1. februar. Sentrale tidsskrift som *Namn og nemne*, *Namn och bygd* osv. har vi sjølve lett tilgang til, så du treng ikkje å tenkje spesielt på dei.

Gulbrand Alhaug
(NORNA-representant)

NORSK NAMNELAG

Norsk namnelag hadde styremøte på Blindern 17. november. I tillegg til å drøfta økonomi og utgjeving av *Namn og Nemne* og *Nytt om namn* tok styret opp spørsmålet om neste landsmøte. Etter lovene skal det haldast annakvart år. Førre periode varte i 3 år. Det hadde samanheng med at landsmøtet har vore halde samstundes med dei nasjonale namnekonferansane, og konferansen i 1993 kom 3 år etter den førre. Det same ser ut til å skje med neste konferanse, ettersom Avdeling for namnegransking har planlagt den 8. konferansen hausten 1996. Dermed må styret på nytt be medlemmene om godkjenning av at styret og redaksjonsnemndene fungerer i ein treårsperiode i staden for i ein toårsperiode. Styret vil vurdera å koma med framlegg til lovendring på dette punktet.

MØTE I SAMARBEIDSNEMNDA

Samarbeidsnemnda for namnegransking hadde 17. november eit sammøte med namnekonsulenttenestene for å drøfta praktiseringa av regelverket for skrivemåten av stadnamn. Sjølv om det kom nye forskrifter i fjor, er det mange punkt som må overlatast til vurderinga åt namnekonsulentane. Vedtaksorgana har på si side stundom tolka lov og forskrifter på ein annan måte enn namnekonsulentane. Såleis har eit fylkeskartverk gjort vedtak om skrivemåten *Høifødt* (for *Høyføtt*). Eit anna fylkeskartverk har vedteke *e*-ending etter dialekten i sterke hokjønnsord i bunden form eintal, trass i at dei nye forskriftene krev *a*-ending. I dei tidlegare forskriftene var hovudregelen at ein skulle skriva *i* for denne uttalen. I somme område med sterk tradisjon for *i*-ending har Statens kartverk, i samråd med konsulentane, valt å halda på *i*-ending. Dette er gjort med bakgrunn i at ein ved normeringa skal ta omsyn til eldre skrifttradisjon. Dei nye forskriftene har innført blaute konsonantar etter uttalen, men her òg viser det seg at det er vanskeleg å vera konsekvent av di mange namn er innarbeidde med harde konsonantar.

På møtet var det semje om at ein skulle prøva å praktisera regelverket så konsekvent som råd, men det kom òg fram at det er noko ulikt syn mellom konsulenttenestene på kor avgjerande rettskrivingsformene skal vera når det finst regionale former som etter somme sitt syn er like "korrekte" som ordboksformene.

MØTE I FNs EKSPERTGRUPPE FOR GEOGRAFISKE NAMN (UNGEGN) JUNI 94

Den 17. sesjonen i FNs ekspertgruppe for geografiske namn vart halden i FN-hovudkvarteret i New York 12.–23. juni 1994. Norsk utsending var Botolv Helleland. Frå Finland deltok Eeva Maria Närhi og frå Sverige Ann-Christin Mattisson. Helleland la fram ein rapport på vegner av den nordiske divisjonen i FN-gruppa der det vart gjort greie for ulike sider ved innsamling, normering og bruk av stadnamn i dei nordiske landa, m.a. den planlagde nordiske namnedatabasen for kart i målestokk hovudsakleg 1:1 mill., arbeidet med å redusera bruken av eksonym, stadnamnbruk i fleirspråklege område, opplæring og kursverksemd i samband med normering, praktisering av den norske stadnamnlova.

Den nordiske divisjonen skal ha eit samrådingsmøte i mars 1995 for å drøfta spørsmål om nasjonal og internasjonal normering. Det er òg planar om å førebu eit informasjonsskrift om namnearbeidet i FN.

NORNA-NYTT

Ny NORNA-komite

vart vald under namneforskarkongressen på Sundvollen 22. juni 1994. Komiteen skal sitje fram til kongressen i 1998 og vil normalt ha to møte pr. år. Medlemmer er

Danmark: Gillian Fellows-Jensen (vara: Bente Holmberg)
Finland: Gunilla Harling-Kranck (vara: Kaj Peter Borg)
Færøyane: Anfinnur Johansen (vara: Eivind Weyhe)
Island: Jónína Hafsteinsdóttir (vara: Þórhallur Vilmundarson)
Noreg: Gulbrand Alhaug (vara: Aud-Kirsti Pedersen)
Sverige: Mats Wahlberg (vara: Staffan Nyström)

Leiar er Mats Wahlberg, nestleiar Gillian Fellows-Jensen, sekretær Per Vikstrand (Sverige), kasserar Leif Nilsson (Sverige) og revisorar Svante Strandberg (Sverige) og Lennart Hagåsen (Sverige). Sekretariatet er lagt til Uppsala.

Komiteen hadde sitt første arbeidsmøte på Ortnamnsarkivet i Uppsala laurdag 22. oktober.

Komande arrangement

Neste NORNA-symposium blir haldi på kursgarden Svidja i Sjundeå i Finland 15.–17. september 1995. Emnet er "Ägonamn – struktur och datering". Termen *ägonamn* svarar til vår term *teignamn*. Kost og losji kjem på ca. 600 mark (ca. 850 kroner). Påmelding snarast til Gunilla Harling-Kranck, Språkarkivet, Sörnäs strandväg, FIN-00500 Helsingfors, Finland.

Det første arrangementet etter Svidja blir eit symposium om stadnamn i urbaniserte område i København 25.–27. april 1996. Dette blir skipa til i samband med at København er utpeikt til Europas kulturhovudstad for året 1996. I januar eller februar 1997 skal Uppsala vera vert for eit symposium i høve NORNAs 25-årsjubileum. Som emne er foreslått "den nordiska namnforskningens historia". Rapporten frå symposiet skal samtidig vera jubileumsbok, og vil da òg innehalde ein oversikt over NORNAs historie.

Andre tema som vart drøfta på komitemøtet 22. oktober, var namn i språkkontaktsområde (i Umeå), personnamn i framande kulturar (i Uppsala), "andre namn" (framhald av Göteborg-symposiet i 1991) og namn og jus (i Noreg). Desse symposia er førebels ikkje tidfesta, men vil ikkje i noko høve bli haldne før frå hausten 1997 og framover.

Rapporten frå Göteborg-symposiet

er no trykt og blir utsend på nyåret. Tittelopplysningane er: *Övriga namn. Handlingar från NORNA:s nittonde symposium i Göteborg 4 – 6 december 1991.* Redigerade av Kristinn Jóhannesson, Hugo Karlsson & Bo Ralph. NORNA-rapporter 56. Uppsala 1994.

Rapporten kan tingast frå Swedish Science Press, Box 118, S-751 04 UPPSALA. Pris førebels ikkje nemnd.

NAMN OG NEMNE

Namn og Nemne årgang 11 (1994) er under utgjeving og kjem på nyåret. Som vanleg er det artiklar om personnamn og stadnamn og meldingar om namnefaglege publikasjonar. Kontingenten til Norsk namnelag (kr 130) skal betalast når ein får tidsskriftet.

PERSONNAMN OG JUS

Som personnamngranskar har eg innimellom vorti kontakta av foreldre som har vorti nekta å bruke det namnet dei gjerne ville ha på barnet sitt. I slike tilfelle kan foreldra også ha nemnt at Departementet ikkje har gjevi noka grunngjeving for avslaget.

Representantar for det namnefaglige miljøet har tidligare uttrykt undring over at Departementet ikkje søker namnefaglig sakkunnskap i fornamnsaker, og eg finn det her på sin plass å sitere avsluttingsorda frå den vedlagde artikkelen som Kristoffer Kruken har skrivi ("Bør namnet *Birk* forbydast?" i *Nytt om namn* nr. 15 — 1992):

> "Etter den nye konsulentordninga bruker staten sikkert ein million årleg på normering av stadnamn, og våre beste fagfolk på alle universitet arbeider no kontinuerleg med dette emnet. Det er sjølvsagt godt og priseleg alt i hop. Men når det gjeld personnamn, vil ikkje staten avsjå fem øre til fagleg hjelp. Det er ei skam for landet og ei grov nedvurdering av alle foreldre som har krav på både språkleg og juridisk rettleiing når dei skal velje namn."

Det er ei rekkje prinsipielle spørsmål som ein kunne tenkje seg å ta opp med Departementet, men av plassomsyn vil eg her berre ta opp nokre punkt. I eit eventuelt møte med Departementet vil det vera aktuelt å ta opp namnesaker i større breidd. Alle dei forbodne namna nedafor er tekne frå lista i *Rundskriv fra Justis- og politidepartementet*, 31 aug. 1970 (heretter forkorta *Rundskriv 1970*).

1. "Navn som ikke er opprinnelige fornavn"

Justisdepartementet ser her ut til å ha lagt seg på ei for streng tolking av regelverket. Eg vil i denne samanhengen vise til den vedlagde artikkelen av Kristoffer Kruken der han argumenterer overtydande for at *Birk* ikkje må forbydas som fornamn. Her kan eg legga til nokre andre døme der det — liksom i *Birk* — blir formelt samanfall mellom eit fornamn og ein annan namnetype, t.d. eit etternamn: *Rudvin, Kjærulv, Olmar, Magnor.*

Desse namna er i Rundskriv 1970 forbodne som fornamn, men frå eit namnefaglig synspunkt er dette merkelig. Desse namna har nemlig oppstått som følgje av namneleddsoppkalling, dvs. eit kreativt namnelagingssystem der ein lagar eit heilt nytt namn på grunnlag av kombinasjonar av eksisterande namneledd. *Rudvin* kan såleis forklaras som resultat av Rudolf + Øy-vin. Dette namnelagingssystemet har bl.a. vori vanlig i Nord-

Noreg. Eg har skrivi om dette namnelagingssystemet i artikkelen "Namneleddsoppkalling i Nord-Noreg på 1900-talet" (*Nordlyd* nr. 11, 1986). Fornamnet *Rudvin* har altså ein annan bakgrunn enn etternamnet *Rudvin* og bør ikkje forbydas (jf. *Birk*).

Det er elles merkelig at Departementet har forbodi *Jensinius* som fornamn. Her finn vi det nokså utbreidde suffikset *-(ini)us* som kan bli lagt til eksisterande fornamn, t.d. *Hans-inius, Randi-nius, Emil-ius, Guner-ius, Arnold-us.*

2. Namneleddsoppkalling — tilfeldig kva for namn som blir forbodne

Under pkt. 1 har eg ført opp nokre namn som er resultat av namneleddsoppkalling, og som har fått formelt samanfall med ein annan namnetype. Her skal det meir generelt reknas opp nokre andre namneleddskombinasjonar som ikkje har formelt samanfall med ein annan namnetype, t.d. eit etternamn. Det verkar noko tilfeldig at Departementet har forbodi nokre av desse, t.d. *Bergunn, Birmar, Ednor* og *Nilmar*. På eit reint namnefaglig grunnlag er det nemlig problematisk å skilje mellom namneleddskombinasjonar som ikkje kan tillatas, og dei som kan tillatas. Her kjem det nokre døme på namneleddskombinasjonar som ikkje står oppført som forbodne namn i Rundskriv 1970: *Berghild, Ednar, Nilvar, Solbjørg, Solfrid, Solbrit, Solgunn, Solmøy, Solrunn.*

3. Kan Departementet nekte å bruke eit fornamn som har fått ein viss hevd?

Frå ei konkret namnesak kjenner eg til at Departementet nylig har avslått namnet *Vinjar* som fornamn. Av namnestatistikk utarbeidd ved Prosjekt for datamaskinell språkbehandling, Universitetet i Bergen, viser det seg at dette namnet (inkludert stavevarianten *Winjar*) er brukt på 25 menn. Av desse er det heile 19 som har fått namnet i perioden 1950-1975. Burde ikkje Departementet her ha teki omsyn til at dette namnet har fått ein viss hevd som fornamn når det er så mange som 19 som har fått namnet som fornamn mellom 1950 og 1975?

4. Staving av namn

Departementet ser ut til å vera nokså liberalt når det gjeld å godta såkalla dekorativ staving, dvs. prydbokstavar som *c, z, x, w* osv., t.d. *Wenche*. På denne bakgrunnen kan det verke noko merkelig at ein ikkje godtek den ortofone stavevarianten *Marry* (ved sida av *Mary*) — jf. Rundskriv 1970. For

dei som uttalar namnet /mar:y/ er det jo mest logisk å skrive *Marry*. Det er elles kjent frå norsk rettskriving at ein kan ha valfridom mellom enkel og dobbel konsonant, i nynorsk mellom t.d. *gamal - gammal, ven - venn, let - lett*. Eit anna argument for skrivemåten *Marry* er at engelske lånord ofte får ein skrivemåte som harmonerer godt med norsk ortografisk praksis, t.d. eit *kupp* — ikkje eit *cup*.

Gulbrand Alhaug
Tromsø

FRÅSEGN FRÅ SAMARBEIDSNEMNDA OM PERSONNAMN

Behandling av personnamnsaker — behov for betre kontakt mellom Justisdepartementet og det namnefaglige miljøet

På møtet 17. november 1994 vedtok Samarbeidsnemnda fylgjande fråsegn til Justisdepartementet:

> Samarbeidsnemnda for namnegransking vil peike på at det namnefaglige miljøet burde ha vori konsultert i ei rekkje saker der Justisdepartementet har teki avgjerder i personnamnsaker. I denne samanhengen vil vi vise til praksis i Sverige og Danmark, der det namnefaglige miljøet i mye større grad enn i Noreg blir trekt inn i slike saker. På denne bakgrunnen vil Samarbeidsnemnda for namnegransking gå inn for at det blir haldi eit møte mellom Justisdepartementet og representantar for det namnefaglige miljøet der ein drøftar tiltak for at namnefaglig sakkunnskap i større grad kan bli trekt inn ved avgjerder i personnamnsaker.

Vedlegg:
Kristoffer Kruken: "Bør namnet *Birk* forbydast?" — *Nytt om namn* nr. 15 — 1992.

DEN 7. NASJONALE KONFERANSEN — KONFERANSERAPPORT

Den 7. nasjonale konferansen (emne: "Stadnamn og kulturlandskapet") vart halden 19. november 1993. Konferanserapporten har diverre vorte forseinka, men er venta til våren.

FORBOD MOT NAMNET VINJAR?

Justisdepartementet har nyleg avslått eit ønske om å bruke *Vinjar* som førenamn. Argumentet er at det ifølgje opplysningane departementet sit inne med, er eit opphavleg slektsnamn, og at det dermed etter § 15.2 i personnamnlova ikkje kan brukast som førenamn. At det finst over tjue personar som har *Vinjar* til førenamn allereie, vil ikkje departementet leggje noka vekt på, fordi dette

> for en stor del må tilskrives det faktum at det offentlige tidligere hadde dårligere mulighet for å føre kontroll med navnevalg (brev til klagaren 4.10.1994).

Avgjerda er i samsvar med tidlegare vedtak. Alt i eit rundskriv frå 1960 står det at *Vinjar* ikkje kan brukast som førenamn. Departementet meiner det heller ikkje i den nye saka ligg føre opplysningar som talar for at vedtaket bør endrast.

At departementet ikkje godtar hevd, må kjennast urettferdig for dei som ser at andre har fått lov medan dei sjølve blir nekta. Eg skal likevel ikkje ta opp dette momentet her (jf. ovanfor s. 13). I staden vil eg sjå litt nærare på den språklege sida, dvs. om det verkeleg er grunnlag for å seie at førenamnet *Vinjar* kjem av slektsnamnet *Vinjar*. Dersom ein skulle koma til at dei har ulikt opphav, skal begge godkjennast. Dette prinsippet er nedfelt i lov og merknader, og det er også rikeleg stadfesta i det eksisterande namnetilfanget. Slike namn er m.a. *Åse, Lone, Roald* og *Stein*. Dei har identisk form men ulikt grunnlag som slektsnamn og førenamn, og er derfor fullt tillatne i begge funksjonane.

Som slektsnamn er *Vinjar* bori av ca. 20 personar. Om lag halvparten av dei bur i Oppland. Utgangspunktet er gardsnamnet *Vinjar* (gnr. 39 og 95) i Nordre Land. Det er ei fleirtalsform av ordet **vin* 'natureng, beite'. Som slektsnamn har altså *Vinjar* ein endeframm, tradisjonell bakgrunn. Ifølgje statistikk frå Prosjekt for datamaskinell språkbehandling, Universitetet i Bergen, er slektsnamnet elles kjent i Bærum, Oslo, Vestfold og Sør-Trøndelag. Truleg kjem det også i desse tilfella av det same gardsnamnet, sjølv om det ikkje går direkte fram av materialet slik det ligg føre i statistikken.

Som førenamn er *Vinjar* eit moderne namn. Det er registrert første gongen i 1948-49 med 1 førekomst i Buskerud og 1 i Hordaland. Fram til 1982 har det 16 førekomstar til, av dei 3 i Buskerud og 3 i Hordaland. Skriftforma *Vinnjar* finst 2 gonger i Hordaland 1955-79, og *Winnjar* 1 gong i Oslo og 1 gong i Rogaland i 1956-59. Her har eg sett bort frå *Vinjar* (med variantar) som andrenamn fordi statistikken ikkje skil mellom førenamn nr. 2 og

mellomnamn av slektsnamnstype. Namngjevinga etter 1982 har eg ikkje full oversikt over, men særleg mange førekomstar kan *Vinjar* knapt ha i desse åra (jfr. dei skjerpa rutinane som departementet viser til).

Alt i alt kan vi med ein viss rett peike ut Hordaland og Buskerud som kjerneområde for namnet. I desse delane av landet er det liten eller ingen tradisjon for å ta slektsnamn i bruk som førenamn. Fenomenet er velkjent i Nord-Noreg, men i Sør-Noreg er det mykje sjeldnare og stort sett avgrensa til områda langs Oslofjorden og kystbandet vestover mot Agder. Av geografiske grunnar ville det altså vera påfallande om *Vinjar* skulle ha ein slik bakgrunn.

Derimot har heile landet mange moderne førenamn som knyter seg til andre førenamn. Her finst både avleiingar som *Idar, Jonar, Magnar* og *Oddar* og samansetjingar som *Kjellmar, Nilmar* og *Ulmar*, for å ta nokre mannsnamn som viser formell likskap med *Vinjar*. Enda betre parallellar er namn på *-jar*, men dei er ganske fåmente. Frå norrønt kjem *Brynjar*. I moderne tid har vi fått *Heljar* (1903), *Ingjar* (1908) og *Viljar* (1934). Elles finn ein av og til *Rejar* som (uttale)form av *Reidar*, og *Ørjar* som (skrift)form av *Ørjan*. Det er alt, så vidt eg veit. *Viljar* kan ha både finsk og norsk bakgrunn og er derfor tvetydig, men *Heljar* og *Ingjar* må vera heimlege avleiingar. *Heljar* heng etter alt å dømme saman med *Helge*. Laginga har truleg gått via *Helje*, som er ei vanleg dialektform av *Helge*. I skrift er *Helje* sjeldsynt, men har m.a. hatt ein viss tradisjon i Buskerud. Forma er elles kjent frå patronymet *Heljesen*. Namnet *Ingjar* har utan tvil opphav i samansetjingar på *Ing(e)-*.

På dette grunnlaget er det òg nærliggjande å tolke *Vinjar* som ei avleiing av andre førenamn. Det materialet som da byr seg fram, er leddet *-vin*. Det finst m.a. i *Audvin, Bjørgvin, Lidvin* og *Oddvin*. Desse namna er særleg nytta på Vestlandet. Som nemnt har også *Vinjar* som førenamn eit feste der, medan slektsnamnet *Vinjar* nettopp ikkje er noko vestlandsnamn. Ei heller finst slektsnamnet i Buskerud, som er det andre kjerneområdet for førenamnet.

Her er likevel eit problem. Namn som *Idar, Magnar, Heljar* og *Ingjar* byggjer alle på føreleddet (eller førstestavinga) i eksisterande namn, medan vi for *Vinjar* må gå ut frå etterleddet. Det gjev grunn til å spørje om leddet *-vin* har vori nok i seg sjølv til at *Vinjar* kunne oppstå. Kanskje har assosiasjonar til slektsnamn — og eventuelt til underliggjande stadnamn — på *Vin-* eller *Vinje-* spela ei viss rolle likevel. Det er iallfall ting som tyder på at dette har vori ein verksam faktor i andre tilfelle. Såleis ser f.eks. *Elg* ut til å ha assosiativt samband med *Elgesem*, likeins *Frøis* med *Frøisland* (*Frøysland*), *Onar* med *Onarheim* og på 1800-talet *Nanna* med *Nannestad*. Eit meir kuriøst døme er *Gjendine* (1971) etter sjønamnet *Gjende* i Jotunheimen.

Men sjølv om *Vinjar* ikkje skulle ha hundre prosent bakgrunn i andre førenamn, ser det i minsto ut til å ha mykje sterkare tilknyting den vegen enn til slektsnamnet av same form. Etter mitt syn bør namnet derfor godkjennast allereie på reint språkleg grunnlag. Den hevd namnet har, kunne så koma inn som ein positiv tilleggsfaktor.

KK

VERN AV STADNAMN

1. Bakgrunn

I mai 1993 skipa Riksantikvarieämbetet i Sverige til eit symposium i Stockholm med tittelen "Ortnamnskultur". Rapporten, som vart gjeven ut i 1994, har tittelen *Ortnamn värda att vårda* (omtala av Terje Larsen i førre nummer av *Nytt om namn*). Som ein av deltakarane på symposiet hadde eg eit innlegg om stadnamnrøkt i Noreg, og eg kom der inn på spørsmålet om vern av nedervde stadnamn. Eitt problem ein møter, er at gamle namn vert brukte på ein annan måte enn før, t.d. ved at dei vert flytte kortare eller lenger bort frå den opphavlege staden. I andre høve er det tale om hevdvunne namn som får konkurranse eller vert trengde attende av nyare namn. Ein konsekvens av dette siste er det når gardsnamn vert trengde bort av gate- og vegnamn ved innføring av nye adressenamn. Somme vil sjå på dette som ei naturleg utvikling, medan andre meiner det er eit tap som dei ansvarlege i samfunnet ikkje berre kan sitja og sjå på. I Sverige har dei i ei tid diskutert om det bør vedtakast ei lov for å sikra "god ortnamnssed". Dette var då òg litt av bakgrunnen for det nemnde symposiet.

Namnekonsulentane får ikkje sjeldan spørsmål om det er rett å flytta eit namn frå ein stad til ein annan. Her må ein fyrst vurdera kor langt ein eventuelt flytter eit namn. Namneoverføring er ikkje noko nytt prinsipp. Tvert om har det vore vanleg at eit nedervt stadnamn på t.d. ein naturlokalitet har vorte overført til ein kulturlokalitet i nærleiken. Her kan ein tenkja på dei mange gardane, bustadene, gatene o.l. som har fått namn etter naturlokalitetar. Og ein kan minna om at storparten av kommune- og soknenamna er gamle gardsnamn. Oftast er det namnet på prestegarden som har fått ny og utvida funksjon, t.d. Ullensvang i Hardanger, no nytta om kommunen, sokna og grenda der kyrkja ligg. Sjølve prestegarden heiter berre Prestagarden. Mange tettstadnamn og bygdenamn har kome opp ved at eit lokalt stadnamn har vorte namn på stoppestad, stasjon, posthus osv.

og såleis fått utvida funksjon (denotasjon). T.d. har gardsnamnet Lofthus i Hardanger vorte namn på bygda av di posthuset kom til å liggja på grunnen til denne garden. No ligg Lofthus postkontor på grunnen til Opedal, som er den største og mest sentrale garden i bygda. Det bør òg nemnast at ein mellom gamle norske stadnamn har ikkje så få døme på fjernlån, t.d. Kongell fleire stader, oppkalla etter Kungälv i Sverige, og Lofthus i Oslo. Det siste namnet skal ha kome opp ved at fabrikkeigaren Christian Schou kalla opp ein villa under Grefsenåsen etter Lofthus i Hardanger.

I dag er nye stadnamn i større grad enn før resultat av planmessig, selektiv namngjeving. Når ein driv namnerøkt, er ein ofte i tvil om kor langt det er rett å "flytta" eit namn. Dersom det ikkje lenger er noko naturleg samband mellom den opphavleg namnberande lokaliteten og lokaliteten som det er aktuelt å overføra namnet til, er det i alle fall ikkje opplagt med ei slik overføring.

Sjølv om det er ei viss hevd for at stadnamn får ny eller utvida funksjon, møter ein i dag ikkje så få reaksjonar på at private "tek seg til rette" mellom tradisjonelle og nedervde stadnamn, og etter ei tid får denne private namnebruken offisiell karakter. I neste omgang må det offentlege ta stilling til bruken av slike namn.

Spørsmålet mange stiller, er altså: Kan nedervde stadnamn takast opp og overførast fritt til andre stader, verksemder, aktivitetar, produkt osv.? Eller bør dei ha ein slags vernestatus?

2. Eksisterande regelverk

Visse restriksjonar i bruken av stadnamn finst i det norske lovverket, men dei er så vidt eg kan sjå, motiverte av omsynet til einskilde rettssubjekt, ikkje av omsyn til stadnamn som kulturarv. Lov 18. mai 1990 nr. 11 om stadnamn gjev i § 3 reglar om kva plikter det offentlege har når det gjeld å bruka stadnamn som har fått fastsett skrivemåte etter lova. Desse reglane er utdjupa i merknadene til § 3 og i kap. III i forskriftene.

Stadnamnlova seier ikkje noko om *val* av namn, men samstundes med at denne lova vart vedteken, fekk lov 23. juni 1978 nr. 70 om kartlegging, deling og registrering av grunneigedom (delingsloven) dette tillegget i § 5-3:

> Dersom [bruks]navnet allerede er i bruk som slektsnavn og ikke hører til de mer vanlige, kan navnet bare velges dersom eieren dokumenterer at navnet har gammel nedarvet tilknytning til eiendommen.

I forskrift 15.6 om tildeling av offisiell adresse (delingslovens § 4-1) er det sagt at

> Hver gate/vegstrekning eller område som blir brukt til adressering, skal tildeles et navn som er entydig innenfor kommunen.
>
> Navnet bør mest mulig følge den lokale navneskikken, samtidig som det bør være lett å skrive og oppfatte ...

I kommentarane til forskrifta er det lokale grunnlaget for namnsetjinga vidare understreka. I *Adresser og stadnamn Del 1. Handbok i kommunal adressetildeling*, kap. 5, er dei lokale og kulturhistoriske sidene ved namngjeving av adresseparsellar vidare understreka.

Firmaloven (1985) har fleire ledd som set restriksjonar for namn på firma, t.d. heiter det i § 2-6 femte punkt at eit firma (utan rettshavaren sitt samtykke) ikkje kan "inneholde særegent navn på annens faste eiendom, eller noe som kan forveksles med det". Avgrensinga her går på rettar i høve til andre subjekt, og ikkje på at det er tale om eit verneverdig (stad)namn.

Her kan eg elles visa til handboka *Adresser og stadnamn Del 2. Stadnamn i offentleg og privat bruk*, der val av namn og bruk av gamle namn er kommentert i ulike samanhengar, særleg i kap. 5-7.

3. Bruksnamn

Det normale ved eigarskifte er at bruksnamnet i grunnboka (som ofte skil seg frå matrikkelforma) vert ført vidare i den forma det har, sikkert ofte utan at det vert lagt så stor vekt på det. Ved skylddeling kan det vera aktuelt å innføra eit nytt namn, sjølv om det ved registreringa ikkje er obligatorisk å oppgje namn på ein grunneigedom. Før endringa i delingslova i samband med at stadnamnlova vart vedteken, heitte det at "Bruksnavnet og skrivemåten av det må høve på det stedet eiendommen ligger". No gjeld ikkje denne setninga lenger, men generelt rår namnekonsulenttenestene til at også bruksnamn mest mogeleg tek utgangspunkt i eksisterande lokale namn og lokal namneskikk.

Eit sentralt spørsmål er kor fritt ein grunneigar kan stå i høve til eit eldre stadnamn på bruket. Kan han t.d. skifta bruksnamn utan omsyn til det overleverte namnet? Det er så vidt eg kan sjå, ikkje noko i lovverket som hindrar han i det. Slike namneskifte førekjem i dag og vil truleg vera endå meir aktuelle i framtida, særleg dersom det vert mindre restriksjonar på overdraging av grunneigedomar. Og dersom eigedomen vert nytta til sær-

skilde føremål, t.d. forretningsdrift, vil eigaren kanskje ha spesiell interesse i å innføra namn som på ein eller annan måte gjev uttrykk for verksemda.

4. Døme på at gamle stadnamn kjem i bruk utanfor sitt opphavlege område

Her i landet har det vore fleire tilfelle der privatpersonar og folk i offentlege etatar har klagd på at eit namn har vorte brukt utanom den staden der det opphavlege høyrer heime. Det kan vera fleire grunnar til at eit namn spreier seg, nokre er nemnde ovanfor. I nokre høve synest det nye namnet å ha vore valt ut frå estetiske omsyn, dvs. at eit eksisterande lokalt namn ikkje synest godt nok for ei gruppe. I andre høve kan det vera praktiske eller økonomiske grunnar til å overføra eit namn. Her skal nokre døme kommenterast:

a) Ommangsbakken/Bakken til Kullerud (Løten, Hedmark)
Eigarane av bruket, Siri og Eivind Kullerud, har meldt adresseendring for bruksnr. 210/3 Ommangsbakken (matr. Bakken) i Løten og innført Kullerud gård som nytt bruksnamn. Det vert opplyst at familien Kullerud driv eit hønseri som er innarbeidd under dette namnet, og for få samsvar med dette har dei bede om endring av bruksnamnet. Meldinga er teken til fylgje av dei kommunale instansane.

b) Hekseberg — Heksebergfjellet — Vardåsen — Sorknes (Sørum, Akershus)
Eit byggjefelt på Sorknes på austsida av Heksebergfjellet har fått namn etter dette fjellet, i sin tur namngjeve etter garden Hekseberg på nordaustsida av åsen. Det er ca. 2 km mellom Hekseberg og byggjefeltet på Sorknes. Åsen er òg kalla Vardåsen. Folk på garden Hekseberg har protestert på at Heksebergfjellet er nytta på eit bustadfelt som ligg på ein annan kant enn garden Hekseberg og har engasjert advokat. Dei har m.a. argumentert med at namnet Heksebergfjellet tradisjonelt er knytt til den delen av åsen som ligg til Hekseberg. Fleirtalet i kommunestyret har gått inn for Heksebergfjellet. Klage er send til fylkesmannen og vidare til sivilombodsmannen.

c) Asper — Aspertunet (Ullensaker, Akershus)
I 1871 flytte Knud Martin Hansen Asper til Kløfta. Sonen Georg Asper vart kjøpmann på Kløfta stasjon. Etter ei tid opna han eit hotell som vart heitande Asper hotell. Seinare eigarar av hotellet har hatt Berger og Grøndal som slektsnamn. Dette området er no vidare utbygd til eit forretnings-

senter, og eigarane har gått inn for namnet Aspertunet. Kulturkontoret har godteke dette namnet av di det er godt innarbeidd. Det har eigaren av Asper, som ligg om lag 5 km nord for Kløfta, protestert på, m.a. ved å peika på at namnet Aspertunet må avgrensast til garden Asper. Kultursjefen i Ullensaker har lagt spørsmålet fram for Namnekonsulenttenesta for Austlandet.

d) Portør — Portørsenteret (Kragerø, Telemark)
Ein person frå Portør har klaga til kartverkssjefen i Telemark på at namna Portørsenteret og Portørbrygga er nytta på eit nytt tenestesenter i Finnsbudalen 2,5 km sørvest for Portør. Kartverkssjefen etterlyser lovreglar på dette feltet.

e) Oppattaking av historiske namn
Historiske namn eller namneformer er i ikkje så få høve tekne oppatt på nyare einingar, t.d. Tjodalyng for Tjølling, Sandar for Sandeherred og det bortkomne Skiringssal (alle i Vestfold). I Øystre Slidre i Valdres er det bortkomne Lidar teke oppatt som kyrkjenamn, og det er no framlegg om å innføra dette namnet som bygdenamn i staden for Skammestein. Oppattliving av eldre namneformer kan vel ha noko for seg ved namnsetjing av bygningar og institusjonar, men dei bør ikkje koma i staden for nedervde og innarbeidde stadnamn.

5. Matrikkelnamn (grunnboksnamn) i høve til daglegnamn
Det finst mange døme på at eit daglegnamn er nytta om eit bruk i staden for det offisielle matrikkelnamnet, t.d. Enga for Kolstad (Elverum). I Norske Gaardnavne står det i dette høvet "**Kolstad**. Kaldes *æ'nga*" (NG III, s. 320). I Åsnes er Krakebøl (Store og Lille) matrikkelnamn på gnr. 7-8 i Hof og nytta på nye kart, medan NG III (s. 265) opplyser at namnet "bruges ikke". Daglegnamna er Knutsåsen og Larsåsen. I Nordre Solør er gnr. 47 oppført med Knappenborg som gardsnamn i matrikkelen, men Knapper som bruksnamn på fleire bruk under dette gardsnummeret. Kartet har Knapper som grendenamn.

Eit spørsmål her er kva status namnet i matrikkelen (grunnboka) har i høve til daglegnamna når dei er ulike. Her er det altså tale om ulike namn, ikkje berre om ulik skrivemåte. Kolstad ovanfor er skriftfest i 1667 i forma Koelstad, Koldstad 1723. Ut frå omsynet til vern av gamle stadnamn kan det argumenterast for at Kolstad burde haldast oppe. Samstundes kan det oppfattast som ein anakronisme å ta i bruk namn som ikkje lenger er i bruk. Som regel veit ein heller ikkje kor lenge daglegnamnet har vore i bruk. Men med bakgrunn i det som er sagt lenger oppe, ser det ikkje ut til

å vera noko i regelverket som hindrar ein eigar i å ta i bruk eit eldre matrikkelnamn sjølv om det ikkje lenger er nytta i talemålet. I alle høve må det vera betre enn å føra inn eit lånt eller konstruert namn. Derimot er det opp til Kartverket å velja kva namn som skal koma med på kart. Det må i alle høve vera namn som er allment kjende.

Eit noko anna problem knyter seg til bruksnamna i fleirspråklege område. Slik Kaisa Rautio Helander har peikt på i eit brev til klagenemnda, førekjem det at ein eigar ynskjer å nytta eit nedervd samisk eller finsk namn på ein eigedom i staden for det norske namnet som står i matrikkelen. Det synest ha vore visse motførestillingar mot dette lokalt, men eg kan ikkje sjå at det er mot regelverk eller intensjonar i stadnamnlova at samiske eller finske bruksnamn vert nytta på denne måten.

Sluttord

Stadnamna har vore sett på som stabile språklege einingar på tusenårig grunn. Dette postulatet kan framleis gjerast gjeldande. Men til alle tider har det vore endringar i namneverket, og kanskje meir enn ein ofte har trudd. I dag er endringane fleire og meir synlege. Det heng m.a. saman med dei omfattande strukturelle omskifta i samfunnet i vår tid. Stadnamnlova verkar berre i liten grad inn på det som skjer i denne smeltedigelen. Prosessen kan heller ikkje stansast, om nokon skulle ynskja det. Men dersom ein meiner at stadnamna skal takast vare på som funksjonelle kulturminne, som stadbundne bodberarar frå fortida, burde styresmaktene freista å styra, ikkje berre skrivemåten av nedervde stadnamn i offentleg samanheng, men òg bruken av dei. Dersom Sverige får til noko på dette feltet, bør Noreg òg greia det.

BH

EI NAMNEHISTORIE FRÅ VALDRES

Ein bonde på Vestlande kom te præste o vilde få ungin sin, ein gut, innskreve te dåpen.

— Ko ska guten eite?

— Jau, svara mannen, — far min eitte Mass, o far åt kjæringe mene eitte Mass, o difør æ mø vørte einige um at han bør eite Tomas.

STEDSNAVNGRANSKING SOM SÆREMNE I VIDEREGÅENDE

Interessen min for emnet startet da vi skulle velge særemne siste året på videregående allmennfag. Svært få er klar over at man kan velge mellom litterært og språklig særemne. Jeg valgte språklig emne i form av stedsnavngransking. Først og fremst valgte jeg oppgaven for å lære hjemstedet mitt bedre å kjenne. Jeg er født og oppvokst i Hakadal, men foreldrene mine er innflyttere. Derfor har jeg ikke fått historien om Hakadal "gjennom morsmelken". Jeg syntes det var viktig å kjenne nærmiljøet, og denne oppgaven var en enestående mulighet. Det var en fornøyelse å jobbe med oppgaven. Emnet var interessant, og jeg fikk kontakt med mange hyggelige mennesker som gjerne ville hjelpe meg. Dersom noe var vanskelig eller usikkert, var det bare å spørre. Velviljen syntes å være uten ende.

Det er også viktig å ta vare på stedsnavnene, som er en del av vår kulturskatt. Hakadal er en typisk jordbruksbygd, men driftsformene endres. Mange plasser og jorder er allerede gjengrodd og navnene nesten glemt. I enkelte tilfeller var det bare informanten min som ennå visste om navnet. Derfor er det viktig at dette blir skrevet ned, slik at det ikke glemmes.

I løpet av arbeidet med stedsnavnene synes jeg at jeg har lært mye om det norske språket generelt, og om lokalhistorien i Hakadal spesielt. Hakadal er den nordlige delen av Nittedal kommune i Akershus og er en del av en større dal som strekker seg fra Lillestrøm og videre oppover Hadeland. Jeg konsentrerte meg om tre gårdsbruk nord i Hakadal.

I vikingtiden bodde det, ifølge Snorres kongesagaer, en småkonge ved navn Hake i bygda. Sagaen forteller om slaget mellom kong Hake og Harald Hårfagre, som utspilte seg på Hellerud ved Hakadals verk. Kong Hake døde og ble begravet på Åneby, sør i Hakadal. Det er funnet pil- og spydspisser på Hellerud, men allikevel er det lite som taler for at det har bodd en konge i Hakadal. Navnet kommer helst fra en mer lokal Hake.

Sagn forteller om "Kjerringa med staven" som skal ha bodd på Kongsvangsskog, en setergård nord i Hakadal. Opphavet til visa om Kjerringa med staven var visstnok at gårdene som hadde kuer på setra, klagde over at de fikk for lite smør i forhold til melkemengden. — "Åtte potter rømme, fire merker smør, det kinna Kari, Ola hadde før." — Gården het opprinnelig *Kongsvang*, men fikk sistestavelsen *-skog* etter at den ble lagt øde under svartedauden, og plassen vokste til med skog. Den muntlige tradisjonen forteller at kongene i gammel tid skal ha overnattet på Kongsvangsskog når de reiste mellom Oslo og Hadeland. Dette kan ikke bekreftes, men den gamle rideveien mellom Oslo og Hadeland, gjennom Maridalen, gikk nettopp forbi her. Gården tilhørte kongens gods, så førstestavelsen kan også ha sin opprinnelse fra det.

Et annet navn som har forbindelse med reisende, er et sted som heter *Vanninga*. Navnet kommer av at det var et vanningstrau her, ved en bekk. Her kunne de reisende stoppe og vanne hesten. Slike trau var vanlig langs alle veier tidligere, og dette stod her til lenge etter krigen.

Gjennom navnene kan man også lære mye om levemåte og arbeid. Et navn som *Risgardsekra* er et eksempel på det. Førstestavelsen *Ris-* kommer av bjørkeriset som stod i skogen ved siden. Det ble tvunnet og brukt til å feste staurene med. Andrestavelsen *-gard(s)-* kommer fra norrønt *garðr* og betyr 'gjerde'. Sistestavelsen *-ekre* svarer til norrønt *ekra* 'gjenlagt åker'.

I Hakadal hadde vi tidligere et sagbruk. Dit ble det fløtet tømmer fra nord i Hakadal, nedover med Hakadalselva. Dette gjenspeiler seg i noen av stedsnavnene: I enden av et vann, Stryken, heter det *Fjellvasadammen*. Navnet kommer trolig av at tømmeret hadde lett for å sette seg i vaser her og stenge for elveløpet. Et annet navn er *Brattvelta*, som kommer av at på denne plassen ved elva lå store velter med tømmer som skulle fløtes nedover til sagbruket. Ned til elva var det også en bratt bakke som man trillet tømmeret.

Et navn fra den mer moderne historien er *Svenskesletta*, ei stor slette ved grensa til Oppland. Navnet stammer fra århundreskiftet, da arbeidet med Gjøvikbanen pågikk. På sletta stod det en brakkeleir for anleggsarbeiderne. Som kjent var mange av arbeiderne svenske rallare. Under den andre verdenskrigen ble sletta forøvrig brukt av tyskerne. De hadde bunkere der hvor de holdt russiske fanger i forvaring.

Under arbeidet med stedsnavnene var det ikke alltid like lett å finne ut betydningen av navnet. Et eksempel er plassnavnet *Passopp*. Opprinnelsen til dette spesielle navnet er ukjent. Muligens kan det komme av tittelen opp-passer. Husmannen på Passopp var kanskje en slags oppsynsmann. Navnet kan også være et imperativnavn som kommer av at man av en eller annen grunn måtte passe opp akkurat her. Noen mener at det kommer fra et personnavn.

Fremgangsmåten

Jeg kontaktet folk som har bodd i Hakadal mesteparten av sitt liv. De hadde mye å fortelle om navnene, og ikke minst historien rundt dem. En artig erfaring jeg fikk, var at den mest spennende og interessante delen av historien ofte ligger rett utenfor stuedøra. Vi hadde mang en hyggelig samtale om "gamle dager". Jeg lærte mye om både hverdagsliv og levemåte før i tiden.

I tillegg til de muntlige kildene brukte jeg bygdebøker, *Norsk stadnamnleksikon* og *Norske Gaardnavne II, Akershus Amt* (1898) som hjelpekilder for å bekrefte eller avkrefte opplysningene jeg hadde fått.

Jeg startet med bokstavelig talt å samle navn. Innenfor et område finnes det store mengder navn, og det er nesten umulig å få med seg alle. Jeg tok hovedsakelig for meg bostedsnavn, jordenavn, navn på veier, sletter og enger, og enkelte andre terrengnavn. For det meste utelot jeg navn i skog og mark, som for eksempel navn på sjøer, tjern, topper og urer. Men hvordan man vil begrense seg, er selvfølgelig opp til hver enkelt. Det viktigste er at man samler systematisk innenfor den kategorien man vil arbeide med, gjerne rubb og rake innen et bestemt område.

Deretter var det viktig å få satt navnene ned på et kart. På den måten blir navnene identifisert, og man får noe å forholde seg til. Jeg fikk ganske nøyaktige og gode kart på kommunen (økonomiske kart). Det var også viktig å skrive ned uttalen ved hjelp av lydskrift, slik at den muntlige formen ikke går tapt. Det kan være en idé å få informantene til å lese navnene inn på lydbånd. Da vil en også få med riktig tonelag.

Vanligvis deler man stedsnavnene inn i to hovedgrupper: kulturnavn og naturnavn. Kulturnavn er navn som forteller at det har foregått menneskelig aktivitet på det navngitte stedet, f.eks. Jenserud, som både inneholder et personnavn og et ord for rydning. Naturnavn viser derimot bare til naturforhold. Et eksempel er bostedsnavnet Sandbekk, som kommer av at plassen lå ved en bekk med (mye) sand i eller ved bekkeløpet.

Så langt det var mulig prøvde jeg å tidfeste navnene. Dette er en viktig del av navnegranskingen. Jeg brukte skriftlige kilder, f.eks. bygdebøker og lignende, for å tidfeste navnene best mulig. Ved jordenavn og terrengnavn var tidfestingen vanskelig, for de opptrer sjelden i de skriftlige kildene.

I noen landsdeler vil stedsnavnene ha to ulike endelser som veksler i forhold til setningen eller utsagnet de inngår i, f.eks. 'hun kom til Lia', men 'hun var på Lin'. Den siste formen er dativ. Slike variasjoner er det også viktig å få med seg. I mitt materiale fant jeg ingen dativformer. Det er ikke usannsynlig at de har eksistert tidligere, men de har i alle fall gått tapt nå.

Før jeg begynte på arbeidet, leste jeg noen bøker om stedsnavn og navneinnsamling. Det hadde jeg stor nytte av. Eksempel på slike hjelpebøker er *Hvad våre stedsnavn lærer oss* (Magnus Olsen), *Namn i Noreg* (Ola Stemshaug) og *Namn som fortel om oss* (Inge Særheim).

Jeg syntes arbeidet med stedsnavnene var veldig interessant! Med det fikk jeg bedre forståelse for kultur og historie. Oppgaven jeg startet med, var egentlig en norskoppgave, men jeg endte opp med å ha lært minst like mye om kultur og historie som jeg lærte norsk. Ikke minst lærte jeg mye om lokalhistorien i Hakadal.

Irene Ringstad
Sunnfjord folkehøgskule

KVEN SKREIV "NORSKE NOMN" I SVEIN URÆDD 1869?

I Terje Aarset: *Norsk personnamnbibliografi*, 1979, s. 20 står denne artikkelen — eller rettare sagt artikkelrekkja — under Aasmund Olavsson Vinje, og grunnen til det er truleg at nokre bolkar vart prenta oppatt i Dølen. Men den som kjenner Vinje og hans skrivemåte, ser straks at han ikkje kan vera forfattaren; dessutan er det vel ingen grunn til å tru anna Vinje fyrst ville ha prenta artiklane i Dølen dersom han hadde skrive dei.

Det er heller ikkje Ivar Aasen, han skreiv onnorleis.

Då må det vera ein annan landsmålsskrivar, og samstundes ein som har so store språklege kunnskapar at han kunne skriva med tilsvarande innsikt. Av andre som skreiv i Svein Urædd, kan ein nemna Lars Holst og Olaus Fjørtoft, men det minner ikkje om dei — korkje i måte å skriva på eller i kunnskapar og interesse. Hans Ross brukte vel alt på den tid ei noko onnor rettskriving, han ordla seg gjerne meir knudrut, og han vanta evne til å skapa oversikt i det han skreiv. Dei stykki me talar om her, er velskrivne i eit lettleseleg mål og oversynlege.

Werner Werenskjold var med i flokken kring Svein Urædd og skreiv i bladet. Han kan kanskje vera opphavsmannen, men det er ikkje visst om han hadde so store språklege kunnskapar som desse artiklane vitnar om; likevel kan det vera visse grunnar for at Werner Werenskjold kunne vera forfattaren.

Når eg likevel ikkje heilt kan gå inn for honom, er det for di at Svein Urædd ogso hadde ein annan medarbeidar med større kunnskapar i norsk språk og språkhistorie enn Werenskjold, og dertil hadde han god skriveevne.

Mannen eg tenkjer på, er Steinar Schjøtt. Både kunnskapar og skriveevne høver. *Ein* grunn kan tala imot honom, og det er ein rettskrivingsdetalj; i same bladi har Schjøtt fortalt att "Romararne øydeleggja Jerusalem", og der er det nytta verbformer som *stormad* for "stormade", medan namnestykket helst har tilsvarande fortidsformer på *-ade*, men det ser ikkje ut til å vera heilt gjennomført. Med dette vesle atterhaldet er det knapt nokon annan enn *Steinar Schjøtt* som på den tid kunne ha skrive artikkelrekkja "Norske Nomn" i Svein Urædd.

Magne Myhren
Oslo

BUSTADNAVN I ØSTFOLD – HOBØL

Då professor Kåre Hoel døydde hausten 1989, etterlet han seg eit stort manuskript om bustadnamn i Østfold. Medarbeidarane ved Avdeling for namnegransking har seinare gått i gang med å leggje dette til rette for utgjeving, og det fyrste bandet er no endeleg kome ut. Det er *Hobøl*. Utgjevaren av dette bandet er Tom Schmidt, som har lagt ned eit stort og fortenestefullt arbeid. Dette er ei storhending for norsk kultur i Østfold. Hoel fekk ikkje oppleva dette sjølv, men arbeidet står der, og talar for seg sjølv. Han gjorde eit livsverk med bustadnamn i Østfold. Det er mykje å vera takksame for.

Her er tale- og skriftformer av namna lagde fram på ein klar og grei måte, lett tilgjengelege for vanlege folk, som dei skal og må vera. Med danskeunionen vart ofte skrivemåten av dei norske namna galen. Skrivarane hadde for dårleg kjennskap til den norske uttalen. Difor er den gamle, ekte talemålsforma utan innblanding av framandt, svært viktig i Noreg. Då vil ein lettare sjå samanhengen med den gamle norske forma.

Namna er ordna etter matrikkelnummer, fyrst gardsnamna og bruksnamna, så kjem namn på husmannsplassar og andre bustader. Også namn som er borte i dag, men som finst i eldre skriftlege kjelder, er omtala. På sidene 173-202 står det ein bolk som fortel kva dei einskilde namnelekkane tyder. Dette er svært viktig. Her er det mykje å lære for dei som kjenner namnet, men veit for lite om kva det fortel. Elles er alt som trengst i eit register kome med.

Stadnamna er viktige i ein mykje vidare samanheng enn den språklege. Dei er ei vesentleg side av heile kultur- og gardshistoria vår. Dei fortel kort, klart og treffande om staden, korleis han var når han fekk namn eller kva han har vore brukt til. Nokre av namna er mykje eldre enn skrivne kjelder, og somme av dei var gamle alt før den første garden vart rydda. Stadnamna er språklege fortidsminne, festa til staden så godt som noko kan vera. Bustadnamnet er som eit bumerke på bustaden. Saman med dei andre namna innan gardsvaldet fortel dei mykje av historia om garden.

Det er ikkje mykje ein ikkje-fagmann kan etterlyse i eit slikt verk. Men kanskje det har interesse å nemne at det har har vore mykje namneskifte mellom hytte- og plassnamna, ofte av di dei skifte eigar, slik at ein må rekne med at andre namn kan ha førekome enn dei som er oppskrivne. På s. 91 er køy(e) f. drøfta. Ei køye er bygd av torv og kan vera for folk eller dyr, eller båe delar, jfr. dei gamle langhusa. Ho kan stå på flat mark, eller vera graven halvvegs inn i ein bakke. Ho kan vera av stein og torv, eller av treverk, tekt på sidene og over med torv. Køyene var mykje brukte ved

kolmiler for å passe desse. Sidan kan dei vel ha vore for andre som mangla noko likare å bu i.

Øsingen (s. 138) inneheld -ing for eng, og denne forma er i bruk i Råde i samansetningar, t.d. storr-eng: star'inga. Det har gått frå storr-eng til husmannsplass. På s. 197 er torg n. (tørj) kommentert. Vanleg tyding er marknadsplass i ein by, men det er òg brukt om stad i skog og utmark der det er lagleg å samlast; — det kan vera der vegar møtest eller anna som gjer det til ein lagleg møtestad. Og vidare der hamnedyr samlar seg, og der veden blir samla på vedaplassen for kapping, kløyving og tørking, ved vedaskjulet på garden (Vedatorg). Dette kjenner eg berre på ein stad, på øss'gærn lø'neby (Austgarden Lundeby) i Råde.

Kristian Strømshaug
Råde

BOK OM FINSKE STADNAMN SKAPAR STORM

fortel bladet Skolefokus (nr. 14, 1994, s. 28-29). Boka det gjeld, er *Finske stedsnavn i Nordreisa*, skriven av Bente Imerslund og utgjeven av Nordreisa kommune. Boka vekte straks interesse hjå mange skolefolk, og Imerslund vart beden om å koma til klassane for å fortelje om bakgrunnen for boka. Kultursjefen såg òg positivt på eit slikt opplegg. Men skolesjefen var ikkje like begeistra — tvert imot fann han grunn til å åtvare mot å sleppe Imerslund til. I eit notat 24. mars skriv han at

> skolen [er] et svært attraktivt marked for propaganda, politikk, markedsføring og salg, og for å gjøre kjent særinteresser.
>
> Det gjør at skolen må være på vakt, og at rektor har mot til å si nei, og konsekvent følge praksis om at det er skolens behov som skal dekkes, ikke andres behov, og at det skal skje på *skolens* premisser.

Leiaren i Troms skolelederforbund støtta skolesjefen. Han meinte at Nordreisa kommune jamvel måtte treffe "disiplinære tiltak" overfor oppsetsige lærarar. Leiaren av barnehageutvalet slutta seg til. Med klår adresse til dei som hadde teki positivt imot boka, sa han: "Det er uholdbart at mer eller mindre rabiate medlemmer av lærerstanden går ut på en slik uforskammet måte." Det vart truga med både advokat og erstatningskrav mot aviser og andre som hadde kritisert skolesjefen.

Hans Kristian Eriksen, sjølv ein framståande forfattar og historikar, sette utspelet frå skolesjefen inn i ein brei kulturpolitisk samanheng:

> En kan bare tolke notatet som et forsøk på å hindre at viktig informasjon om Nordreisa og det finske folkets historie og kultur når ut til skolene i kommunen. Det minner meg sterkt om den tidligere kampen mot kvenene (og samene), de tidene da det var forbudt å snakke finsk i skolen.

Skolesjefen har seinare prøvd å avdramatisere sin første reaksjon, og har særleg tona ned åtvaringa mot pressa. Ordføraren meiner kritikken mot skolesjefen botnar i ei misforståing: "Jeg skjønner ikke hvordan man kan få dette til at skolesjefen motarbeider finsk i kommunen."

Saka har òg fått oppslag i mange aviser i Finland. Storavisa Helsingiin Sanomat sende eigne journalistar til Nordreisa for å få førstehands kunnskap om situasjonen. Bokomtalen i same avis hadde overskrifta "Nordreisa kommune gjør ære på sine finske røtter". Ved den finske ambassaden i Oslo er holdninga avdempa, men likevel ikkje til å ta feil av. I eit intervju med Skolefokus (s. 29 i same nr.) seier ambassadør Jorma Inki:

> Jeg finner det underlig at man nettopp i et område med tre språk — jeg minner også om det samiske — ikke ser den fordel befolkningen har av at noen ivaretar de språk som brukes av et mindretall.

KK

NØKKELEN TIL UTRØST

Finn Myrvang har i fleire år arbeidd med eit omfattande stadnamnprosjekt i Nordland med støtte frå Kulturavdelinga i fylket. Han har skaffa seg eit stort tal informantar og kontaktar i heile fylket og har etter kvart lagt titusenvis av stadnamn inn på data, med opplysningar om kartfesting, uttale og tilhøva på staden. Det har vore ei lykke for landsdelen at Myrvang vart engasjert i dette prosjektet, og at det vart skaffa midlar til arbeidet. Det gjeld berre om at prosjektet kan halda fram. Området er stort, og det er eit rikt tilfang å ausa or, ikkje minst av stadnamntradisjonen frå fiskarmiljøa langs kysten.

No har det fyrste større resultatet kome, og det er namneboka *Nøkkelen til Utrøst*, med Myrvang som forfattar. I innleiinga fortel han ei segn om korleis ei skute kom ut for uvêr og dreiv i dagevis på det opprørte havet. Skipparen hadde høyrt at båtar hadde vorte berga om dei kom oppunder Utrøst. Natta etter kom Utrøst-mannen til han med ein nøkkel i handa.

Med den skulle han alltid finna landet om han ville festa bu på Utrøst. Men det ville ikkje skipparen. "Så skal du sleppe å komme til Utrøst nokon gong!" sa Utrøst-mannen. Då dei fekk landkjenning, var dei komne inn imot Vestfjorden. Utrøst fann dei sjølvsagt ikkje att, men det finst ein annan nøkkel som set ein i stand til å gjera seg kjend med folket og landet, meiner Myrvang, og det er stadnamna. Såleis kan ein kalla ei slik stadnamnbok for ein "nøkkel ikkje berre til Utrøst, men til heile Røst, ja Verøya med!" (s. 7).

Dette er altså ei bok om stadnamna i dei to øykommunane Verøy og Røst. Boka er delt opp i ei rad småkapittel der namna vert handsama ut frå kva dei fortel om eller kva dei er namn på. Konsekvent vert ikkje denne skipnaden av di ordtilfanget i hovudledd (lokalitetstype) og utmerkingsledd er kommentert om ein annan. I ei populærvitskapleg og folkeleg framstilling kan ei slik form ha sine føremonar. Det har ikkje vore forfattaren sitt mål å drøfta namnestruktur i dette arbeidet. Det vitskaplege grunnlagsmaterialet er presentert i eit eige register bak i boka. Her er dei om lag 1900 stadnamna oppførte med normalisert form, lydskrift, opplysningar om lokalitetstype m.m., kommune og referanse til side der namnet er omhandla. Til slutt kjem ein bolk med utsnitt av økonomisk kartverk i 1:10 000 med namnelister der namna er nummererte. Berre ein del av namna er tekne med her, men eg skulle sett at heile materialet hadde vore publisert i form av kartbaserte namnelister.

Det er eit rikt og variert namnetilfang som her vert lagt fram for ålmenta. *Hekjelen*, til gno. *hégeitill* m. 'kvarts' o.l. og *Herkna*, til gno. *helkn* n. 'steingrunn' er døme på bokstavleg tala grunnsolide namn. Myrvang er fortruleg med ordtilfanget i stadnamn i denne landsdelen, og dei fleste forklaringane har han godt grunnlag for. At det har vore sjøsamiske innslag i namnetilfanget her ut mot havet, er ikkje usannsynleg, men eg synest forfattaren vel ofte leitar etter mogelege lydlege likskapar med samiske ord. Såleis er vel *Kallen* og *Kjerkeskjeret* så openberre uttrykk for norske stadnamn at ein ikkje treng jamføra med lulesamisk *kallo* 'klippe' og *giergge* 'stein'.

Nøkkelen til Utrøst er ei folkebok i beste meining av ordet. I ein lettfatteleg stil får ein her naturen og forhistoria til desse to øykommunane berrlagd gjennom stadnamna. Boka har dessutan ei mengd fotografi av natur og folkeliv frå eldre og nyare tid. Papir og trykk er framifrå. Ein del prentefeil har det vorte, men det er vedlagt eit ark med rettingar.

Utvilsamt er det mange Nordlands-kommunar som ser fram mot å få liknande namnebøker. Det gjeld berre at vilkåra vert lagde til rette slik at forfattaren kan halda fram i prosjektet.

BH

LISTAMÅL OG VOSSAMÅL

I *Nytt om namn* nr. 18 (1993) er fyrste bandet av *Listamålet. Grammatikk, ordbok stadnamn og folkeminne* omtala. No er del II komen, og her er tilfang frå bokstavane G-R teke med. *Listamålet* byggjer på samlingane etter Abraham Vere og er redigert og gjeve ut på eige forlag av Njål Vere. Han har som pensjonist hatt arbeidsstad på Institutt for nordistikk og litteraturvitskap ved Universitetet i Oslo.

Det som er sagt i omtalen av band I, gjeld stort sett for band II òg. Her vil me berre nok ein gong framheva det verdfulle arbeidet forfattaren har teke på seg. Den redaksjonelle løysinga med alfabetisk oppstilling og forklaring av både stadnamn og vanlege ord er forvitneleg. Dette tilfanget fyller tre spalter på kvar dobbelside, medan folkeminnestoffet opptek den fjerde spalta.

Ei oppteljing av ein del sider typer på at så mykje som ikring tredjeparten av oppslaga er stadnamn. Som alle veit, er stadnamna og namn i det heile ein viktig del av ordtilfanget i eit målføre, men det er liten tradisjon for å ta namnestoffet med i lokale ordsamlingar. Det heng til dels saman med den dobbelrolla namna har. For det fyrste har dei ein utpeikande eller individualiserande funksjon (dei er "namn på noko"), og for det andre har dei ei historisk tyding som oftast ikkje kjem fram i vanleg språkbruk, etter som ein ikkje treng vita kva eit namn tyder for å bruka det. Vere gjev både reale og språklege opplysningar om dei fleste namna slik at boka langt på veg har vorte eit namneleksikon i tillegg til ei dialektordbok. Både oppslaga og forklaringane er gjevne på målføre. Det gjev tilfanget ein sterk lokal koloritt, men eg skulle gjerne sett at oppslagsorda var oppførte i fonemisk lydskrift. Det ville gjeve samlinga enno større vitskapleg verde.

Den nye boka, som er på 363 sider, har langt fleire bilete av bygningar og gardar enn den fyrste. Det skulle føra til endå større interesse lokalt. Boka kan som den førre kjøpast gjennom Sparebanken Sør, 4560 Vanse, til ein pris av 300 kroner. Me ser fram til det tredje og siste bandet i serien.

Mindre omfangsrikt er *Vossamålet i ord og vendingar*, men dét òg eit arbeid til å gle seg over. Pensjonisten Eirik Røthe har samla over 5000 ord frå vossamålet og gjeve slåande døme på korleis orda vert nytta, eller har vore nytta, etter som det minkar med dei målbrukarane som meistrar dei gamle vendingane. Forfattaren har tidlegare gjeve ut ei samling på 1500 ord (*Gamalt frå Voss X*, 1978). Tilfanget i den nye boka er ordna alfabetisk i ei målførenær form, t.d. er dei opne e-, i-, o-, u-, y-lydane til dels skrivne è, ì, ò, ù, ỳ, såleis *hòrg* f. 1. 'stort markert fjellparti', 2. 'stor mengd', t.d. "hòrg mè unga", medan *stong* f. 'gamalt lengdemål, 7 alner' er skrive utan aksent-

teikn. Stundom er trong e og o markerte, t.d. *aottéti* 'åtti', *tókje* m. 'tulling, dumming'. Bruken av aksentteikn på vokalane er såleis ikkje systematisk, men her har vel forfattaren tenkt at det trongst berre der det var fare for mistyding. Her meiner eg likevel markeringa av vokalkvaliteten burde har vore konsekvent gjennomført. Oppslaga gjev såleis eit noko skiftande inntrykk av lydsystemet i målet. Tonelag er heller ikkje her markert, men når trykket ligg på ei anna staving enn den fyrste, er det sagt frå om det.

Ordforklaringane er gjevne på normalisert nynorsk, altså annleis enn i Listamålet. Forfattaren seier at mange av vendingane har han fått gjennom åra av gode heimelsfolk på Voss, andre har han skrive opp medan han samla inn stadnamn. Eit ord som *kjøa* f. 'aure' har han funne berre i stadnamn. Nokre få stadnamn og personnamn er elles tekne med, som *Lande* 'gamal nemning på Strilelandet' og *Knutù* 'Knut'. Forfattaren har sjølv laga ei rad teikningar til orda, særleg av reiskapar, t.d. for *kòra* f. 'eit om lag 80 cm langt treskaft med eit lite tverrtre i enden'. Mange av orda og vendingane er ikkje ordboksførte tidlegare, og saman med dei mange vendingane som tilfanget er vevd inn i, er dette ein tilvokster til kunnskapen om vossamålet og om norsk mål i det heile som tener forfattar og heimstadkommune til ære. Boka kan tingast gjennom forfattaren, adresse 5700 Voss.

BH

STADNAMNLOVA I SPØRJETIMEN

Til spørjetimen onsdag 14.12.94 hadde representanten Magnhild Meltveit Kleppa frå Rogaland meldt dette spørsmålet til kulturminister Åse Kleveland: "Mange lokalsamfunn opplever at dei vert umyndiggjorde av statlege styresmakter i spørsmål som gjeld korleis stadnamn skal skrivast. Vil statsråden gripa inn slik at praksis vert endra?"

I svaret sitt gjorde statsråden greie for bakgrunnen for lova og saksgangen i namnesaker. Etter departementets syn har lokalsamfunnet stor innverknad på fastsetjinga av skrivemåten av stadnamn både ved at kommunane sjølve fastset skrivemåten for mange namn og ved at kommunane har uttalerett i alle saker der vedtaksretten er lagd til eit anna offentleg organ. Ho avslutta med å seia at departementet tek sikte på å evaluera lova etter at ho har verka i fem år, dvs. i 1996-97.

NORNA-RAPPORTER 54

Interessa for vikingtida og religionsskiftet har teki seg sterkt opp dei siste åra, og namnegranskarane står gledeleg nok i fremste rekkja i den faglege diskusjonen som har vaksi fram som ein del av dette. I januar 1993 vart det haldi eit symposium i København om "Vikingtidens sted- og personnavne". Foredraga på symposiet har no komi ut som rapport nr. 54 i serien NORNA-rapporter. Rapporten er redigert av Gillian Fellows-Jensen og Bente Holmberg. Han er på 228 sider inkludert stadnamn- og personnamnregister, og inneheld 11 foredrag i denne rekkjefølgja:

Doreen J. Waugh: Shetland place-names and dialect: A tribute to Jakob Jakobsen, W.F.H. Nicolaisen: Viking place names in Scotland, Ulf Timmermann: Kan middelalderlige personnavne bære vidnesbyrd om vikingetidens nordboer ved Slesvigs vestkyst?, Gillian Fellows-Jensen: Vikinger i England og Normandiet: Hvad stednavnene fortæller, Tom Schmidt: Vikingtidas *by-* og *bø*-gårder på Vestlandet i Norge, Lennart Elmevik: Ortnamnselementet fornnordiskt *-staðir* — innebörd och ursprung, Bent Jørgensen: Marknavne i Danmark i vikingetiden, Svante Strandberg: Om förhållandet mellan runantroponymer och ortnamnsförleder. En förberedande undersökning, Michael Lerche Nielsen: Fremmed indflydelse i det danske runemateriales personnavneforråd, John Kousgård Sørensen: Nye vikingetidsnavne, og Eva Villarsen Meldgaard: De kristne personnavne kommer.

Titlane er ein ettertanke verde i seg sjølve. Dei viser m.a. at vikingtida for alvor opna Skandinavia mot Nordsjøen og kontinentet, og med det ikkje berre gav dei nordiske folka ei større scene å spela på, men òg bana veg for epokegjerande impulsar utanfrå til oss. Eit anna slåande trekk er at halvparten av foredraga handlar om personnamn. Det er ein langt større del enn dei ressursane forskarmiljøet til vanleg bruker på denne disiplinen. Fordelinga på symposiet er kanskje ein refleks av at personnamna etter sin natur er meir labile enn stadnamna, og såleis lettare føyer seg etter skiftande kulturstraumar. Med andre ord: Ein snunad i åndskulturen — noko m.a. kristninga i høgste grad innebar — kan i mange tilfelle avlesast meir umiddelbart og presist i personnamna enn i stadnamna. Det er elles ikkje plass til å gå inn på kvar enkelt artikkel her.

Rapporten kan tingast frå Swedish Science Press, Box 118, S-751 04 UPPSALA. Han kostar 175 kroner.

KK

DANSKE NAMNEBROSJYRAR

For eit par år sidan byrja Institut for Navneforskning i København å gje ut faldarar om namn under fellestittelen "Det drejer sig om". Målet var å presentere verksemda ved instituttet så allsidig som mogleg for eit breitt publikum. Opplegget skulle i det ytre vera enkelt og kravlaust, men i innhald så pass ambisiøst at forfattarane ikkje trong å "gå af vejen for at udsætte vores læsere for mere indviklede sagforhold, som kræver skærpet opmærksomhed", som det heiter i eit introduksjonsflak frå desember 1992.

Hittil har det komi seks nummer, med følgjande forfattarar og emne: Bent Jørgensen: Udgivelse af stednavne (1992), Gillian Fellows-Jensen: Danske personnavne i England (1992), Vibeke Dalberg: Stednavneskifte (1994), Gordon Albøge: Optegnelse af stednavne (1994), John Kousgård Sørensen: Patronymer (1994), og — som det førebels siste — Bent Jørgensen: Retskrivning af stednavne (1994).

Den ytre skipnaden er både smakfull og praktisk, og innhaldet står ikkje noko tilbake. Faldeprinsippet har gjevi rom til så grundige utgreiingar at dei i vanleg bokformat ville ha utgjort 12—15 sider kvar. Nokon latmannslesnad er det så visst ikkje, men den gode pedagogiske forma gjer umaken liten i høve til det utbytet ein får. Sjølv om det primære publikum er allmenta, vil brosjyrane òg fungere ypparleg som grunnskolering for namnestudentar i heile Skandinavia. Her i landet er f.eks. bruken av patronym så lik den danske at opplysningane hos Kousgård Sørensen kan omplantast utan større justeringar.

Eg har likevel eit par merknader til brosjyrane. Når Albøge omtalar den store skolebarninnsamlinga i Noreg i 1930-åra som ei innsamling "i nogle vestnorske kommuner" (s. 14—15), gjer han arbeidet langt mindre enn det faktisk var. Innsamlinga foregjekk over heile landet. Det finst eit rikt tilfang både frå Austlandet, Sørlandet, Vestlandet, Trøndelag og Nord-Noreg. Blanke er berre fylka Østfold, Hedmark, Vestfold (Andebu er med), Akershus og Finnmark. I alt kom det inn bortimot halvannan million namn. Metoden var enkel, og resultatet ber preg av det. Likevel har samlinga stor fagleg verdi, og tek ein omsyn til at arbeidet er gjort av skolebarn, er dei beste delane beundringsverdig bra. Materialet har etter mitt syn ikkje vorti estimert som det burde. (Samlinga er nærare omtala av Oddvar Nes i artikkelen "Ei halvgløymd stadnamnsamling" i Språknytt nr. 2, 1975, s. 9-11.)

Elles var innsamlinga av bustadnamn frå ca. 1950 og frametter så omfattande at ho kunne ha vori nemnd i Albøges oversikt. Kousgård Sørensen seier (s. 5) det nesten alltid er førenamnet åt faren som er basis for

patronymet. Det må vel pr. definisjon alltid vera slik — unntaka er ikkje patronym, men *metronym*.

Faldarane signaliserer med sjølve si form — og kanskje i sterkaste laget — at dei er tenkte for dagen og stunda. Innhaldet har naturlegvis meir langsiktig verdi. For å sikre publikum den beste tilgang til stoffet i framtida, kunne det vera ein tanke at ein etter kvart samla det i bokform. Ideen er hermed overlevert gratis. Da blir stoffet straks meir synleg i bokhandlar og bibliotek, og dei einskilde delane blir ikkje så lett dumla bort mellom alskens småtrykk av lettare slag. Her i landet er artikkelsamlinga *Norske stedsnavn/stadnamn* (1975), som byggjer på ein serie radioforedrag, eit framifrå døme på kor mykje bokforma har å seie for at kjennskapen til emna skal haldast levande i opinionen.

KK

NAMN PÅ FRANSK

I diskusjonen omkring namnevern kan det vera interessant å notera seg at Frankrike har fått ei ny språklov som krev at fransk skal nyttast m.a. ved namngjeving og marknadsføring. I *Språknytt* nr. 4, 1994 kan ein lesa meir om denne lova. Og me siterer:

> På Pigalle skal vi ikke lenger se verken "sex-shop" eller "sex-boutique", men "boutique de sexe", med franske ord og fransk syntaks, og man skal ikke lenger markedsføre fransk kosmetikk med navn som "Eternity", nå blir det "Eternité".

Sjølv om desse døma neppe tel mellom det mest verneverdige namnetilfanget i Frankrike, viser dei at landet ikkje vil la seg overkøyra av den anglo-amerikanske namnekulturen.

Island er vel det landet i Europa som til no har gått lengst når det gjeld å halda på heimlege namneskikkar. Islendingane har reglar om at t.d. firmanamn mest mogeleg skal fylgja islandsk ordlaging. Noreg ligg nok eit stykke etter her.

BH

STUDENTARBEID OM NAMN

Hovudfag i Bergen

Åse Kari Stoltenberg: Nordiske navn i Normandie. Tillegg: Navneliste. Universitetet i Bergen. Våren 1994. 120 + 147 sider.

Hovudmålet med oppgåva er med Stoltenbergs eigne ord "å moderere mange til nå skråsikre påstander og hypoteser" (s. 3) om dei nordiske namna i Normandie. Ho går til verket med uforferda hug, stort overblikk og ei kritisk evne som ein sjeldan finn i studentarbeid. Stoffet er innfløkt, både språkhistorisk, onomastisk (namnemessig) og realhistorisk. I tillegg kjem striden om dansk eller norsk inn som ein kompliserande faktor. Stoltenberg går grundig gjennom faghistoria og viser korleis nasjonale interesser gong på gong har smitta av på fagdebatten. På slutten av 1800-talet var det òg nordmenn med, men seinare har stort sett den danske lina rådd grunnen. Eit problem med ideologiske islett er elles spørsmålet om kven normannarhovdingen Rollo var. Rollo vart som kjent hertug i Normandie i år 911 og innleidde med det den eigentlege normanniske perioden som kulminerte med okkupasjonen av England i 1066. Stoltenberg viser til H. Melbergs oppsummering (1951) av diskusjonen om Rollo og konkluderer med at dei fleste no meiner han må vera identisk med Gange-Rolv frå Møre, slik vestnordisk tradisjon alltid har hevda. Men ho understrekar med rette at dette i seg sjølv knapt kastar noko lys over stadnamna i Normandie.

Frå namneleksika og annan sekundærlitteratur har Stoltenberg ekserpert nesten 2000 namn. Hadde ho hatt høve til å gå inn i primærkjeldene, hadde materialet vorti enda større. Ein god del av dei ekserperte namna er diskutable, og for sjølve oppgåva har ho gjort eit utval på ca. 1550 namn. Enda har det ikkje vori råd å få tilfanget språkleg eintydig. Utanom nordisk må ein nemleg ta omsyn til påverknad frå ymse greiner av vestgermansk, frå latin/romansk og i nokon mon frå keltisk. Problematiske namneledd er m.a. *-beuf* (med variantar) og *-londe/-lande*. Det vanlegaste leddet er *-tot* (589 namn), som svarar til nordisk *tom(p)t, topt*. Elles er det mange namn på *-bec* (194), *-dalle* (74), *-houge* (102) og *-tuit* 'tveit' (73). Føreledda er òg ofte dunkle. Såleis har over halvparten av *-tot*-namna uvisst føreledd. Stoltenberg drøftar materialet systematisk i høve til namnetypar, ordstoff, språkhistorie, skrifthistorie og geografi. I mange tilfelle viser ho at ein ikkje *kan* seie om namnet eller namnetypen har norsk eller dansk bakgrunn — premissane er rett og slett for dårlege. I praksis inneber dette at ho dels tonar ned, dels avviser mange av dei 'danske' argumenta.

Generelt peikar Stoltenberg på visse sider ved studiet av normanniske namn som ho meiner bør endrast. Semantisk må ein akte meir på tilhøvet mellom personnamn og appellativ. Til no har ein altfor lett tolka tvetydige føreledd som personnamn. Det burde koma ein snunad, slik det har skjedd med dei nordiske *-staðir*-namna. Realismen i ordtolkinga er ei anna side. Dersom ein t.d. reknar med at alle *-beuf* svarar til nordisk *-búð* 'bu', må alle *Criquebeuf* tolkast som **Kirkjubúð*. Men ei bu er vanlegvis ikkje nokon sentral lokalitet. Det er derimot kyrkja dei fleste stader. Til overmål er **Kirkjubúð* ukjent som namn i Norden. Set ein i staden *-beuf* til *-bær/-býr*, blir *Criquebeuf* ein parallell til det velkjende *Kirkjubær/-býr*. Ein kan heller ikkje utan vidare slutte frå namnetypar til koloniseringsveg. Det er sant nok at dei normanniske *-tot*-namna liknar meir på dei danske enn på dei norske. Men det gjer også dei islandske, og "ingen ville vel av den grunn finne på å hevde at Island ikke var kolonisert fra Norge", seier Stoltenberg (s. 53). I slike tilfelle er natur- og kulturtilhøva i det nye landet viktigare enn tilhøva i moderlandet. Fonologisk må ein ta meir omsyn til dei variasjonane som primærkjeldene oppviser, og ikkje byggje berre på normaliserte tekstar. Eit særleg problem er kor direkte ein i det heile kan lesa fonologiske tilhøve ut av dei ortografiske formene. Stoltenberg meiner forskarane stundom har gått for mekanisk fram her. Endeleg er det mange gåter knytte til språksituasjonen i Normandie den gongen området vart kolonisert, m.a. kor sterk innverknaden frå gammalfrankisk og gammalsaksisk var.

Heile materialet (1551 namn) er oppført i eit tillegg til sjølve oppgåva. Der finn vi geografisk heimfesting, skriftformer, kjeldetilvisingar og tolking av førsteledda. Registeret gjev same solide inntrykk som resten av arbeidet.

Karen Marie Winje: Stadnamn frå sørlege del av Vegårshei. Universitetet i Bergen. Våren 1994. 210 sider.

Oppgåva omfattar 1005 stadnamn frå synste delen av Vegårshei i Aust-Agder. Framstillinga er den klassiske for hovudoppgåver om stadnamn: først ei skildring av området og målføret, så i tur og orden grammatiske synspunkt på stadnamn, strukturelle typar og samansetjingsmåte, alfabetisk oversyn over grunnorda, formell og semantisk inndeling av utmerkingsledda og til sist alfabetisk register over alle namna med uttale og sidetilvising. Arbeidet er ryddig og oversiktleg, og vi får eit godt innblikk i kva namn og namnetypar som finst i området. Skal ein klaga på noko, må det vera karta. Dei er både for små og for grumsete. Winje samanliknar materialet systematisk med tilfanget i tre andre hovudoppgåver frå Aust-Agder (Vintermyr, Aas og Lilleholt) og finn jamt over klåre fellestrekk.

Det "normale" stadnamnet i Vegårshei er eit samansett namn i bunden form eintal, der hovudleddet inneheld eit ord som karakteriserer den sta-

den namnet viser til, t.d. *Bråtekollen*, *Ormvadet* og *Kvernhusheia*. Dersom utmerkingsleddet er eit adjektiv eller adverb, eller eit substantiv (oftast personnamn, dyrenamn eller personnemne) med genitivs-*s*, får namnet helst ubunden form, t.d. *Langtjern*, *Ommundsli* og *Vågsfoss*. Fordelinga mellom bunden og ubunden form ser først og fremst ut til å vera regulert av lydstruktur (fonotaks) og ordtype, i mindre grad av reint historiske faktorar. Dei vanlegaste grunnorda er *kjerr* 'våtlendt hole eller dalsøkk' (i 71 namn), *myr* (60), *dal* (50), *(kol)botn* (40), *hei* (39), *kleiv* (36), *tjern* (34), *åker* (32), *li* (31), *ås* (25), *bakke* (25), *bekk* (24), *fjell* (21) og *skot* (20). Til saman er desse orda hovudledd i 508 namn, altså meir enn halvparten av heile tilfanget. Det seier ganske mykje både om landskapstypen og om arbeidslivet. Dei mange *(kol)botn*'ane er såleis minne om kolbrenning for jarnverket på Nes, som den rikskjende Jacob Aall i si tid åtte. Namna på *skot* ('stad der ein skyt utfor, renner ned stokkar') fortel om tømmerdrift i kronglut terreng. Skogen har vori og er framleis ein hovudressurs for gardane, skriv Winje.

KK

NORSK NAMNEBIBLIOGRAFI 1993

Bibliografien er utarbeidd av Terje Larsen. Av praktiske grunnar er ikkje alle lokalhistoriske skrifter gjennomgåtte enno. Vi ber som vanleg lesarane melde frå om eventuelle manglar. Tillegg blir prenta i eit seinare nummer.

Akselberg, Gunnstein: [Melding av] Inge Særheim: Sirdal. Namn og stader. 1. Namnetolkingar. [Sirdal]: Sirdal kommune. Kommunekontoret. Stadnamnprosjektet. 1992. I: Namn og Nemne. Årgang 9/10 – 1992/93:107–111.

Avdeling for namnegransking. Årsmelding 1992. Oslo 1993. 45 s.

Bakken, Kristin: Vektig artikkelsamling om eldre personnavn. I Nytt om namn. Nr. 18 – 1993:12–16. /Omtale av Lena Peterson (red.): Person-namn i nordiska och andra germanska fornspråk. NORNA-rapporter 51. Uppsala 1993./

Bakken, Kristin: *Bindings kyrkje*. Et stedsnavn fra Seljord. I: Avdeling for namnegransking. Årsmelding 1992:18–29.

Bakken, Kristin: *Orguviðargarðr*. I: Nordiska orter och ord. Festskrift till Bengt Pamp på 65-årsdagen den 3 november 1993. Lund 1993:19–24.

Benedictow, Ole Jørgen: Hvem var Kjetil på Hovland? Om tverrfaglig utnyttelse av navnefrekvenser og demografiske teknikker for identifikasjon av personer i fortida. I: Namn og Nemne. Årgang 9/10 – 1992/93:79–88.

Berge, Trygve H.: Eggemosteinen. Peikar retninga aust eller vest? I: Ringerike 1993-94:17–18.

Bondevik, Jarle: [Melding av] Einar Hovdhaugen: Frå det gamle arbeidslivet. Arbeidsmåtar, reiskapar og nemningar. Ringebu Historielag. [Ringebu 1993]. I: Namn og Nemne. Årgang 9/10 – 1992/93:117–120.

Brink, Stefan: Var står onomastiken idag? En epistemologisk betraktelse. I: Namn og Nemne. Årgang 9/10 – 1992/93:7–29.

Buskenes, Kari: Stedsnavn på Veidholmen. I: Smølaminne 1993:16–22.

Coleman, Nancy L.: Jonny, Ronny og Peggy i Noreg: Kortform og kjæleform av engelske førenamn. I: Namn og Nemne. Årgang 9/10 – 1992/93:69–77.

Enge, Kåre: Om samiske navn i Sulitjelmaområdet. I: Fauskeboka 1993:68–71.

Eskeland, Tuula: Finsk *riihi*, svensk *ria* og norsk *rie*. I: Nordiska orter och ord. Festskrift till Bengt Pamp på 65-årsdagen 3 november 1993. Lund 1993:65–68.

Fjaler kommune. Stadnamninnsamling – 13000 stadnamn. [Førde] 1993:724 s. (Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane.)

Forskrifter om skrivemåten m.v. av stadnamn. I: Nytt om namn. Nr. 18 – 1993: 19–30. /Dei nye forskriftene til stadnamnlova fastsette 14. oktober 1993./

Frøysadal, Øystein (†): Angr i Hordaland og stadnamn i samband med det. I: Namn og Nemne. Årgang 9/10 – 1992/93:31–55.

Gatenavn og deres opprinnelse [Prestegaten i Horten]. I: Borreminne 1993:61–62.

Hagland, Jan Ragnar: [Melding av] Alfred Bammesberger (red.): Old English runes and their continental background. Heidelberg 1991. 632 s., 14 plansjar. I: Studia anthroponymica Scandinavica 11 (1993):131–135.

Hale, Christopher S.: The Place Names of the Parish of Andebu. Oslo 1993. 231 s.

Harsson, Margit: Muskerød. I: Avdeling for namnegransking. Årsmelding 1992:30-38.

Harsson, Margit: Registrering av stadnamn ved bruk av WP 5.1. I: Nytt om namn. Nr. 17 – 1993:33–36.

Heggland, Johannes, sjå Sunde, Egil.

Helleland, Botolv: Adresser og stadnamn. Del 2. Stadnamn i offentleg og privat bruk. Kommuneforlaget. Oslo 1993. 325 s.

Helleland, Botolv: Andre lokale namnebøker. I: Nytt om namn. Nr. 18 – 1993:39-40. /Omtale av Navn i Eide. Ved Erling Føreid, Erling Helle, Tom Svennevig og Ole Petter Svennevig. Eide Sognelag 1991, Reidar Marmøy: Navn i Grimstad skjærgård. Selskapet for Grimstad Bys Vel 1991, Kristofer Eitrheim og Tormod K. Eitrheim: Stadnamn frå gardane i Odda samla på 1920-talet. Utgjeve av Hardanger historielag 1992./

Helleland, Botolv: Place Names in Andebu. I: Nytt om namn. Nr. 18 – 1993:38. /Omtale av Christopher S. Hale: The Place Names of the Parish of Andebu. Oslo 1993./

Helleland, Botolv: Att uppteckna ortnamn. I: Nytt om namn. Nr. 17 – 1993:28–29. /Omtale av Staffan Nyström: Att uppteckna ortnamn. Bakgrund och praktiska anvisningar. Gävle/Uppsala 1992./

Helleland, Botolv: Franske namnemotar. I: Nytt om namn. Nr. 17 – 1993:27.

Helleland, Botolv: *Hårteigen*. I: Nordiska orter och ord. Festskrift till Bengt Pamp på 65-årsdagen den 3 november 1993. Lund 1993:94–100.

Helleland, Botolv: Norske namn på norske fly. I: På Norske Vinger 9/93:27–30.

Helleland, Botolv: Grananuten. I: Avdeling for namnegransking. Årsmelding 1992: 39–41.

Helleland, Botolv: [Melding av] Staffan Nyström: Att uppteckna ortnamn. Bakgrund och praktiska anvisningar. Gävle/Uppsala 1992. 34 s. I: Namn och bygd 81 (1993):178–179.

Helleland, Botolv: [Melding av] Gero Lietz: Eigennamen in der norwegischen Gegenwartssprache. Probleme ihrer Wiedergabe im Deutschen am Beispiel belletristischer Texte. Frankfurt am Main-Bern-New York-Paris 1992. 300 s. I: Namn och bygd 81 (1993):175–178.

Holsbøvåg, Kåre Magne: Kors-namna i Romsdalen. I: Romsdal Sogelag. Årsskrift 1993:47–58.

Holten, Ola J.: Namn på hølane langs Surna del 2. I: Du mitt Nordmøre 1993:57–80.

Hætta, Odd Mathis: Samisk kunavntradisjon. I: Nytt om namn. Nr. 17 – 1993:15–18.

Hætta, Odd Mathis: Samiske hundenavn. I: Nytt om namn. Nr. 18 – 1993:31–33.

Haavaldsen, Anne: Personnavn i Norges Indskrifter med de ældre Runer. Resymé. I: Lena Peterson (red.): Personnamn i nordiska och andra germanska fornspråk. Handlingar från NORNA:s artonde symposium i Uppsala 16–19 augusti 1991. NORNA-rapporter 51. Uppsala 1993:23–25.

Imerslund, Bente: Finske stedsnavn i Nordreisa. Utgitt av Nordreisa kommune. Nordreisa 1993. 208 s. + ill. + 3 kartbilag.

Johannessen, Ole-Jørgen: Patronymika i de norske runeinnskrifter. I: Lena Peterson (red.): Personnamn i nordiska och andra germanska fornspråk. Handlingar från NORNA:s artonde symposium i Uppsala 16–19 augusti 1991. NORNA-rapporter 51. Uppsala 1993:121–139.

Karlsen, Jørgen: Litt om noen nordlandske stedsnavn. I: Lurøyboka -93:42–44.

Kruken, Kristoffer: Namnetoppen 1992. I: Nytt om namn. Nr. 18 – 1993:35–36.

Kruken, Kristoffer: Svalbakkheia og *Svalbakkan. I: Avdeling for namnegransking. Årsmelding 1992:42–45.

Kruken, Kristoffer: Studentarbeid om namn. I: Nytt om namn. Nr. 17 – 1993:37–43. /Omtale av Toralf Aas: Stadnamn frå Søre Herefoss, Birkenes i Aust-Agder. Hovudoppgåve våren 1992, Universitetet i Bergen, Helge Stangnes: Stadnamn frå Stonglandet og Lemmingvær på Senja. Med vekt på historie, kultur- og arbeidsliv. Hovudoppgåve hausten 1992, Universitetet i Tromsø, Beate Kraggerud: Djupinnsamling på historisk grunn. Stadnamn frå Lunner og Gran. Hovudoppgåve hausten 1992, Universitetet i Oslo, Solveig Wikstrøm: Personnamnskikken i Rana 1801 og 1865. Mellomfagsoppgåve hausten 1992, Universitetet i Oslo, Ragnhild Tønnessen: Personnamnskikken på Flekkerøya 1600-1900. Mellomfagsoppgåve hausten 1992, Universitetet i Oslo, Alf Bjørge Aschim: Samanlikning av oppkallingsmønster innafor Aschim-slekta på Hadeland og Parak-slekta i Lyngen i tida 1750–1900. Mellomfagsoppgåve hausten 1992, Universitetet i Oslo, Morten Holtet: Innsjønamn i Aurskog. Mellomfagsoppgåve hausten 1992, Universitetet i Oslo./

Kruken, Kristoffer: Bok om Listamålet. I: Nytt om namn. Nr. 18 — 1993:37—38. /Omtale av Njål Vere: Listamålet. Grammatikk, ordbok, stadnamn og folkeminne. 1993./

Kruken, Kristoffer: [Melding av] Eva Villarsen Meldgaard: Navnemode og modenavne. 6000 drenge- og pigenavne. 2. udgave. Værløse 1993. 127 s. I: Studia anthroponymica Scandinavica 11 (1993):129—130.

Kruken, Kristoffer: [Melding av] Olof Brattö: Personnamn i Bohuslän 1. 1300—1700. Göteborg 1992. 151 s. og same: Personnamn i Bohuslän 2. Skilda namn. Göteborg 1993. 221 s. I: Studia anthroponymica Scandinavica 11 (1993):115—117.

Kruken, Kristoffer: [Melding av] Alf Henrikson: Alla årets dagar. En evighetskalender. Stockholm 1993. 615 s. I: Studia anthroponymica Scandinavica 11 (1993): 123—124.

Kruken, Kristoffer: [Melding av] Guðrún Kvaran og Sigurður Jónsson frá Arnarvatni: Nöfn Íslendinga. Reykjavík: Heimskringla. Háskólaforlag Máls og menningar. 1991. I: Namn og Nemne. Årgang 9/10 — 1992/93:111—115.

Kruken, Kristoffer: [Melding av] Per Henningsson (red.): Namnsdagskalendern. Solna 1992. [63 s.]. I: Studia anthroponymica Scandinavica 11 (1993):130—131.

Kruken, Kristoffer: Mannsnamnet *Singdal*. I: Nordiska orter och ord. Festskrift till Bengt Pamp på 65-årsdagen den 3 november 1993. Lund 1993:145—148.

Kruken, Kristoffer: Pene namn. I: Nytt om namn. Nr. 17 — 1993:24. /Omtale av Pene namn. Utgjeve av Ostereidet mållag 1992./

Kruken, Kristoffer: Enda ei islandsk namnebok. I: Nytt om namn. Nr. 17 — 1993: 24—25. /Omtale av Hermann Pálsson: Nafnabókin. 1991./

Kruken, Kristoffer: Spirene til den nordiske namnerenessansen. I: Nytt om namn. Nr. 17 — 1993:21—23.

Kruken, Kristoffer: Namn og stader i Sirdal. I: Nytt om namn. Nr. 17 — 1993:31—33. /Omtale av Inge Særheim: Sirdal. Namn og stader. 1992./

Kruken, Kristoffer: Nye hjelpemiddel i namnegranskinga. I: Nytt om namn. Nr. 17 — 1993:30. /Omtale av Regesta Norvegica VI, Alexander Rabe von Pappenheim: Jordebok over Telemark (Bratsberg len), utgj. av Odd Arne Helleberg og Arne Johan Gjermundsen: Skifteregister for Holla, Nedre Telemark. Offentlige arveskifter 1667—1900. 1992./

Kruken, Kristoffer: Storverk om namnedagar. I: Nytt om namn. Nr. 17 — 1993:25 - 26. /Omtale av Alf Henrikson: Alla årets dagar. En evighetskalender. 1993./

Kvamme, Audun: Stedsnavn i grensetraktene Frosta — Ekne. I: Årbok for Nord-Trøndelag 1993:107—117.

Lid, Nils: To samansette stadnamn frå Voss. Eggjareir og Orrekvitl'æ. I: Gamalt frå Voss 1993:187—197. /Oppattrykk frå Maal og Minne 1953:53—62./

Mundal, Else: [Melding av] Gillian Fellows-Jensen & Bente Holmberg (red.): Sakrale navne. (NORNA-rapporter 48.) Uppsala 1992. 294 s. I: Studia anthroponymica Scandinavica 11 (1993):135—138.

Myhren, Magne: Nokre merknader til *méd* og *havbrun* i skrifter av Eilert Sundt. I: Nytt om namn. Nr. 17 — 1993:11—15.

Myhren, Magne: Kvar er Logen? Merknader til eit vassdragsnamn og retts-tvistar om dette vassdraget mellom 1300 og 1600. I: Namn og Nemne. Årgang 9/10 – 1992/93:63–67.

Myrvang, Finn: Samiske stadnamn finst i kvar ei bygd – sørpå? I: Håløyg minne hefte 1 – 1993 (19. bind):13–26 og hefte 2:49–63.

Myrvang, Finn: Stadnamn frå Aldra. I: Lurøyboka -93:83–101.

Myrvang, Finn: Hæssmona – Kassmona – Tæksmona. I: Namn og Nemne. Årgang 9/10 – 1992/93:89–97.

Namn og Nemne. Tidsskrift for norsk namnegransking. Redaktørar: Ole-Jørgen Johannessen og Oddvar Nes. Årgang 9/10 – 1992/93. 126 s.

Nedrelid, Gudlaug: Namnegransking i Noreg – Vitskap eller nasjonsbygging? I: Nils Gilje og Oddvar Storebø (red.): Vitskapsteori og lingvistikk. 11 vitenskapsteoretiske innlegg til dr. art. -graden. [Bergen 1993]:160–194.

Nedrelid, Gudlaug: Eitkvart dåmlaust var det vel. I: Sýnisstubbar. Við kvøðu til *Anfinn Johansen* á 40 ára degnum 16. desember 1993:38–39.

Nedrelid, Gudlaug: [Melding av] Asbjørn Karbø og Kristoffer Kruken: Gullhorn og dei andre. Kunamn i Noreg. Oslo. Landbruksforlaget 1991. I: Namn og Nemne. Årgang 9/10 – 1992/93:115–117.

Nes, Oddvar: [Melding av] Gösta Holm: De nordiska *anger*-namnen. [Lund]: Lund University Press. [1991]. I: Namn og Nemne. Årgang 9/10 – 1992/93:99–107.

Norsk namnebibliografi 1991. Tillegg. I: Nytt om namn. Nr. 18 – 1993:40.

Norsk namnebibliografi 1992. I: Nytt om namn. Nr. 18 – 1993:41–47.

noø [= Nils Olav Østrem]: Interessant namneseminar. I: Sydvesten. Lokal- og slektshistorisk magasin for Rogaland. Nr. 1 – 1993:4–5. /Om namneseminaret i samband med landsmøtet for Landslaget for lokalhistorie i Kristiansund, juni 1993./

Nytt om namn. Meldingsblad for Norsk namnelag. Redaktørar: Botolv Helleland og Kristoffer Kruken. Nr. 17 – 1993. Oslo 1993. 43 s. Nr. 18 – 1993. Oslo 1993. 47 s.

Ouren, Jørgen: Fjorårets navn. Silje og Kristian på topp. I: Ukens statistikk nr. 14/15 1993.

Sandnes, Jørn: Hylla – et navn som forteller om gammel båttrafikk. I: Årbok for Nord-Trøndelag 1993:76–78.

Schulze, Johan Anthon: Kring nokre stadnamn. I: Talatrosten 1993:18–21.

Schulze, Johan Anthon: Numedalsmålet – ein arv i ord og namn. Eigen utgjevnad. Oslo 1993. 47 s. /Namneskikk [personnamn] s. 19. Namn frå dal og fjellvidd s. 20–23./

Schmidt, Tom: EDB-registrering av norske navnesamlinger. I: Eivind Weyhe (red.): Útgáva og atgongd. Fyrilestrar hildnir á tjúgunda NORNA-symposium í Tórshavn 22.–23. mai 1992. NORNA-rapporter 52. Uppsala 1993:43–54.

Schmidt, Tom: Litteraturkrönika [1992]. Noreg. I: Namn och bygd 81 (1993):142–148. (= NORNA-rapporter 53.)

Smørvik, Per: Innsamling av stadnamn. I: Årbok for Helgeland 1993:107–113.

Stadnamnprosjektet i Rogaland. I: Sydvesten. Lokal- og slektshistorisk magasin for Rogaland. Nr. 1 – 1993:8–12.

Stemshaug, Ola: Bruken av sagalitteraturen i lokalhistoriske framstillingar, særleg med tanke på stad- og personnamn. I: Årbok for Nordmøre 1993:118–126.

Stemshaug, Ola: Torga. I: Nordiska orter och ord. Festskrift till Bengt Pamp på 65-årsdagen den 3 november 1993. Lund 1993:184–189.

Stemshaug, Ola: [Melding av] Gero Lietz: Eigennamen in der norwegischen Gegenwartssprache. Probleme ihrer Wiedergabe im Deutschen am Beispiel belletristischer Texte. Frankfurt am Main-Bern-New York-Paris 1992. 300 s. I: Studia anthroponymica Scandinavica 11 (1993):128–129.

Sunde, Harald G.: Lars Stærk og stedsnavn i Bøkfjorden. I: Varanger årbok 1993: 128–136.

Sunde, Egil: Olavsgildet – Årbakka – Vevatnet: Tre stader – ein idé? I: Tysnes kulturminnelag 1993:21–23. /Intervju med Johannes Heggland./

Svanevik, Anne: Sentralt stedsnavnregister (SSR) ved Statens kartverk, Norge. I: Eivind Weyhe (red.): Útgáva og atgongd. Fyrilestrar hildnir á tjúgunda NORNA-symposium í Tórshavn 22.–23. mai 1992. NORNA-rapporter 52. Uppsala 1993:25–29.

Særheim, Inge: Gardsnamn og busetjingsutvikling. Litt om datering av gardsnamn på *-land*. I: Ætt og heim 1993:19–58.

Veka, Olav: Frå sprongjet til spranget. Er det for langt? Nokre normaliseringsproblem frå Indre Ryfylke. I: Namn og Nemne. Årgang 9/10 – 1992/93:57–62.

Vere, Njål: Listamålet I. Grammatikk, ordbok, stadnamn og folkeminne. Eige forlag. [Oslo] 1993. /Om stadnamn særleg s. 15–17./

Vigerust, Tore Hermundsson: Folk i Oslo omkring år 1900. I: Norsk Slektshistorisk Tidsskrift XXXIV (1993), hefte II:109–121.

Vikør, Lars S.: Namn og namneskikkar før og no. I: Arne Torp og Lars S. Vikør: Hovuddrag i norsk språkhistorie. Oslo 1993:283–298.

Aaby, Gudveig Henryette: I hedenske fotefar på Neset? I: Nesjar. Årsskrift for Brunlanes Historielag 1991-92:39–44.

Returadresse:
Avdeling for namnegransking
Postboks 1011 Blindern
0315 OSLO 3

KONFERANSERAPPORTAR

1. *Nasjonal konferanse i namnegransking*. Foredrag og diskusjon frå ein konferanse på Blindern 23. oktober 1981. Institutt for namnegransking, Universitetet i Oslo 1982. 68 sider. Pris kr 20,-. (Hovudemne: Samiske namnearkiv og utgjeving av bustadnamn.)

2. *Den 2. nasjonale konferansen i namnegransking*. Blindern 19. november 1982. Foredrag og diskusjon. Institutt for namnegransking, Universitetet i Oslo 1983. 93 sider. Pris kr 30,-. (Hovudemne: Databehandling av stadnamn og personnamn.)

3. *Den 3. nasjonale konferansen i namnegransking*. Blindern 18. november 1983. Innleiingar og diskusjon. Institutt for namnegransking, Universitetet i Oslo 1984. 120 sider. Pris kr 40,-. (Hovudemne: Etterreformatoriske kjelder i namnegransking.)

4. *Den 4. nasjonale konferansen i namnegransking*. Blindern 22. november 1985. Innleiingar og diskusjon. Institutt for namnegransking, Universitetet i Oslo 1987. 194 sider. Pris kr 60,-. (Hovudemne: Lydskrift, særleg ved stadnamnregistrering.)

5. *Den 5. nasjonale konferansen i namnegransking*. Blindern 18. november 1988. Innleiingar og diskusjon. Avdeling for namnegransking, Universitetet i Oslo 1991. 150 sider. Pris kr 60,-. (Hovudemne: Skriftleg og munnleg normering av stadnamn. Tillegg: Lov 18. mai 1990 nr. 11 om stadnamn, med merknader og forskrifter.)

6. *Den 6. nasjonale konferansen i namnegransking*. Blindern 23. november 1990. Innleiingar og diskusjon. Avdeling for namnegransking, Universitetet i Oslo 1991. 147 sider. Pris kr. 60,-. (Hovudemne: Vitskaplege prosjekt i namnegransking.)

ISSN 0800 – 4676